

Møteinnkalling

Utval:	Opplærings- og helseutvalet
Møtestad:	Fylkesutvalsalet, 3.etg., Fylkeshuset
Dato:	03.06.2014
Tid:	10:00

Til dette møtet har Ingrid Reitan meldt forfall – Anette Netteland Dybvik vert kalla inn.

Program:

- Kl. 10.00 Presentasjon av vinnar av Fylkesmessa i Entreprenørskap v/Hilde Gjester Hoel, Odda vgs
- Kl. 10.30 Presentasjon av Næringsbarometeret v/Jon Erik Vollan
- Kl. 11.00 Orientering om Kyrre skole v/avdelingsleiar Kari Spilsberg
- Kl. 11.30: Lunsj
- Kl. 12.15: Saksføreaving

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Opplærings- og helseutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Stenseide
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 38/14	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 39/14	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 40/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 38/14	Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune - Rapport 2013	2014/10200	
RS 39/14	Tiltak for å forhindra rusmidlar i skulen	2014/15743	
RS 40/14	Prøveprosjekt med mobbeombod	2014/16324	
RS 41/14	Innspill fra Senter for voksenopplæringen på Årstad - bekymring i forhold til en gruppe med voksne med minoritetspråklig bakgrunn	2014/16955	
RS 42/14	Administrasjonsspråk i HFK	2014/16834	
RS 43/14	Uttalelse fra kulturvernforbundets landsmøte	2014/16448	
RS 44/14	Møteplan for folkevalde organ 2015 - utkast	2014/15640	
PS 41/14	Samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune- Lønborg videregående skole- og Tanga International Competence Center	2014/16323	
PS 42/14	Praksisbrev - forsøk med etablering i Hordaland 2015	2014/12056	
PS 43/14	Ikt-strategi for opplæringssektoren 2014-16	2014/16545	
PS 44/14	Oppfølging av skulebruksplanen	2014/10030	
PS 45/14	Etablering av karrieresenter i Hordaland	2014/16238	
PS 46/14	Ymse		

PS 38/14 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 39/14 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 40/14 Referatsaker (Meldingar)

Til:	Opplærings- og helseutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune - Rapport 2013

1 Bakgrunn

Frå 2007 til 2012 har det vore gjennomført årlege kartleggingar av dei internasjonale aktivitetane ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune. Fram til 2012 var det Internasjonal seksjon i Regionalavdelinga, i samarbeid med Opplæringsavdelinga, som gjennomførte kartleggingane¹. Frå og med 2013 (denne kartlegginga), er det Opplæringsavdelinga som har ansvaret for spørjeundersøkinga og rapporten. Rapporten vil der det er mogleg og relevant, samanlikne resultatane med tidlegare års kartleggingar.

Målet med kartlegginga er å få oversikt over aktivitetar og aktivitetsnivået til skulane, samt motivasjonen bak og eventuelle hindringar for det internasjonale arbeidet. Med bakgrunn i kartlegginga vil Opplæringsavdelinga kunne følgje opp skulane meir systematisk i arbeidet med internasjonalisering.

2 Gjennomføring av kartlegginga 2013

Kartlegginga vart utarbeidd av Opplæringsavdelinga, med utgangspunkt i tidlegare års undersøkingar og rapportar.

Den 22. januar 2014 vart det sendt ut ei elektronisk undersøking per e-post til alle dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen. Kartlegginga vart avslutta 28. februar 2014. Då hadde 44 av skulane svart på undersøkinga. Dette er det same talet som i fjor, og representerer ein svarprosent på om lag 94%.

3 Oppsummering av dei viktigaste funna

- 95% av skulane som deltok i undersøkinga, hadde hatt internasjonale aktivitetar i 2013 (2 skular melde at dei ikkje hadde hatt aktivitet)
- 1/3 av skulane melder om høgare aktivitetsnivå enn året før
- Jamn auke i bruken av EU-program for livslang læring
- Samarbeid med 28 land i Europa
- 52% av skulane har aktivitetar innan «internasjonalisering heime»
- Kunnskap om tilbod er betre enn tidlegare år, men «tid og pengar» er fortsatt ei stor utfordring

¹ I 2010 var skulane i Hordaland ein del av ei nasjonal kartlegging gjennomført av Senter for Internasjonalisering av Utdanning (SIU).

- Internasjonale aktivitetar gjer elevar meir motivert for faget, og nokre av skulane viser til at slike aktivitetar kan føre til lågare frávær.

4 Tilbakemeldingar om aktivitetar i 2013

4.1 Aktivitetsnivå: «95% av skulane hadde internasjonale aktivitetar i 2013»

På spørsmål om skulane har hatt internasjonale aktivitetar i 2013, svarer 95% av skulane «ja». Det er berre to skular som melder at dei ikkje har hatt internasjonale aktivitetar i fjor. Det er viktig å presisere at skulane står fritt til sjølv å definere kva dei reknar som internasjonale aktivitetar.

34% av skulane melder om eit høgare aktivitetsnivå enn året før, medan 57% meiner at aktivitetane har vore stabile. Det er to skular (5%) som melder om internasjonale aktivitetar på eit lågare nivå enn året før. Samanlikna med tidlegare kartleggingar er det eit høgare tal på skular som har eit stabilt aktivitetsnivå i 2013.

4.2 Typar aktivitetar:

I høve til spørsmål om kva type aktivitetar skulane tok del i, var det satt opp 12 faste kategoriar av aktivitetar, og dessutan ein open kategori.

Dei viktigaste resultatane for dette spørsmålet kan lesast i Tabell 1.

Tabell 1: Internasjonale aktivitetar

	2011	2012	2013
Leonardo da Vinci – sendt ut elevar	39 %	44 %	48 %
Leonardo da Vinci – teke i mot elevar	20 %	33 %	29 %
Deltaking i Comenius-prosjekt	34 %	33 %	38 %
Deltaking i Nordplus-prosjekt	-	3 %	2 %
Lærarutveksling – teke i mot utanlandsk lærar	15 %	8 %	21 %
Lærarutveksling – sendt ut lærar	20 %	15 %	21 %
Elevutveksling - sendt ut elevar (minst 4 veker)	12 %	5 %	14 %
Elevutveksling – teke i mot elevar (minst 4 veke)	10 %	8 %	14 %
Elevtur (opp til 4 veker)	49 %	46 %	55 %
Andre aktivitetar	24 %	44 %	45 %

Den mest vanlege aktiviteten i 2013 var, som i tidlegare år, «Elevtur – opptil 4 veker». Det er 55% av skulane som har gjennomført denne aktiviteten, som er ein auke samanlikna med tidlegare år, 49% i 2011 og 46% i 2012. I tal på skular er dette ein oppgang frå 18 skular i 2012 til 23 skular i 2013. Denne kategorien omfattar dei «vanlege» studieturane på 1-2 veker og har vore den mest nytta aktiviteten kvart år, sjølv om omfanget har variert noko.

Av aktivitetar knytt til ulike program, er det framleis deltaking i Leonardo da Vinci-programmet (for yrkesfagopplæring) og Comenius-prosjekt (for studiespesialisering) som er dei mest populære. 48% av skulane melder at dei har sendt ut elevar med midlar frå Leonardo da Vinci-programmet, og 29% av skulane melder at dei har teke imot elevar gjennom det same programmet. Samanlikna med 2012 er det ein liten nedgang i tala på skular som tek imot elevar gjennom Leonardo-programmet, men totalt sett er det jamn auke i bruken av EU-programma for livslang læring. Denne utviklinga er i tråd med den internasjonale satsinga til Hordaland fylkeskommune, då slike prosjekt representerer langvarige relasjonar, i tillegg til at dei bidrar med ekstern finansiering av aktivitetane.

I dei tidlegare åra har det vore ein tilsynelatande jamn nedgang i lærarutveksling, men i 2013 har tala auka frå 8% (teke imot) og 15% (utsending) i 2012 til høvesvis 21% for begge kategoriane i 2013. Når det gjeld elevutveksling, ser vi òg ein oppgang i 2013 til samanlikning med resultatane frå 2012. Den opne kategorien «andre aktivitetar» syner at det er eit utval aktivitetar som ikkje passar inn i dei faste kategoriane, til dømes

internasjonale humanitæraksjonar, bistandsprosjekt, konkurransar og andre typar samarbeid med utanlandske aktørar.

4.3 Deltaking: «Studiespesialiserande program er mest aktive»

I 2013 finn ein internasjonale aktivitetar på alle utdanningsprogram. Som tidlegare år er det studiespesialiserande som er mest aktiv. Det er ikkje overraskande at det er flest tilbod for elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram då dette utdanningsprogrammet er der det har vore vanleg med tradisjonelle elevturar i samband med til dømes språkundervisning. Ei positiv utvikling er at skular med yrkesfaglege utdanningsprogram som deltek i internasjonale aktivitetar, aukar. Dette kan ha samanheng med Hordaland fylkeskommune si satsing på bruk av Leonardo da Vinci-programmet.

Tabell 2: Utdanningsprogram med internasjonale aktivitetar

Utdanningsprogram:	2013		2012
	Talet på skular som tilbyr programmet	Aktivitet på programmet	Aktivitet på programmet
Idrettsfag	6	4	4
Musikk, dans og drama	4	4	3
Studiespesialiserande	32	26	25
Bygg- og anleggsteknikk	15	11	9
Design og handverk	10	4	3
Elektrofag	18	8	7
Helse- og oppvekstfag	23	15	14
Medium og kommunikasjon	8	5	5
Naturbruk	5	3	3
Restaurant- og matfag	9	6	7
Service og samferdsel	11	4	5
Teknikk og industriell produksjon	22	11	9
Fagskule	2	2	0

4.4 Geografisk fordeling

«13 samarbeid i samarbeidsregionane»

Hordaland fylkeskommune har formalisert samarbeid med fleire europeiske regionar. Opplæringsavdelinga har som målsetting å etablere eit tettare samarbeid med dei samarbeidsregionane der vi har Hordalandsklassar. Når det gjeld skulane sitt samarbeid med desse regionane i 2013, er det ein liten tilbakegang frå 2012-kartlegginga. Det er 13 skular, mot 16 i 2012, som melder om samarbeid med skular og verksemder i samarbeidsregionane. Regionane der skulane har knytt kontaktar og har samarbeid, er Cardiff (4), Kaunas (2), Nedre-Normandie (5) og Thüringen (2).

«Samarbeid i 28 land i Europa»

På spørsmål om samarbeid i andre europeiske regionar opplyser skulane at dei samarbeider med skular, læreverksemder eller liknande i til saman 28 land i Europa. Her har talet på land som skulane har samarbeid i, auka samanlikna med tala frå 2011 og 2012, der skular hadde samarbeid med 25 land. Talet på skular som samarbeider med Tyskland og Frankrike er relativt stabilt, medan samarbeidet med Spania, Danmark og Tyrkia aukar. Alle tala er oppført i tabell 3.

Tabell 3: Geografisk fordeling av samarbeid i Europa

	2011	2012	2013		2011	2012	2013
Tyskland	7	13	12	Hellas	2	2	4
Spania	12	12	15	Estland	1	1	1
Italia	6	6	6	Malta	1	1	2
Frankrike	5	5	6	Kroatia	1	1	-

Finland	4	4	2	Irland	-	1	1
Polen	5	4	3	Bulgaria	-	1	1
Tsjekia	1	4	2	Slovakia	-	1	2
Tyrkia	3	4	6	Latvia	-	1	-
Portugal	2	4	1	Litauen	3	-	1
Danmark	4	3	6	Island	1	-	1
Belgia	3	3	2	Luxemburg	1	-	1
Ungarn	1	2	1	Romania	2	-	-
Nederland	3	2	2	Sverige	4	-	2
UK	5	2	5	Moldova	-	-	2
Slovenia	3	2	3	Sveits	-	-	1
Austerrike	1	2	2				

Det er to viktige kjelder til feilinformasjon her:

- Dette var ikkje eit avkryssingsspørsmål. Respondentane måtte sjølv liste opp regionane/landa der dei har samarbeid. I ein slik samanheng kan ein region/eit land lett verte gløymt eit år.
- I dette spørsmålet vart det spurt om samarbeid utanom samarbeidsregionane. Om vi legg til desse samarbeida, vil dei reelle tala verte høgare for Storbritannia, Frankrike, Tyskland og Litauen.

«Samarbeid i Asia, Afrika og Amerika»

Det er 8 skular som opplyser at dei har samarbeid med skular eller andre institusjonar i Afrika, Asia eller Nord/Sør-Amerika. Det er ein auke på to skular samanlikna med tala frå 2012 og 2011. Døme på prosjekt som er nemnd i denne samanheng er:

- Humanitært samarbeid, innsamlingsaksjonar til Tanzania
- Tur til Tanzania som premie i NM i bistand
- Administrering av «Hordalandsklasse» i USA
- Utplassering av elevar i Helsearbeidarfag og Barne- og ungdomsarbeidarfag på Zanzibar
- Felles framtid-konferanse, FN-prosjekt og skriveprosjektpremie, USA

4.5 Gjennomføring av aktivitetane:


På spørsmål om det var nokre aktivitetar som var planlagde, men som ikkje vart gjennomførte, svarte 88% «nei», og 12% «ja». Dette er ein liten auke, frå to til fem skular som ikkje gjennomførte planlagt aktivitet samanlikna med 2012. Tala er likevel ikkje like høge som i kartlegginga frå 2009 (20%) og 2011 (15%)².

Aktivitetane vart ikkje gjennomførte grunna faktorar som skulane ikkje kunne påverke. Hindringane som vart nemnde, var økonomi og produksjonsstopp i mottakarlandet, og prosjekt som ikkje vart godkjende. Vidare var det døme på eit prosjekt der studietilbodet som vart tilbydd i Norge ikkje var relevant for elevane som skulle komme på utveksling. Ein skule melde òg om for liten interesse for å delta frå dei norske elevane.

4.6 Førebuing av internasjonale prosjekt:

I 2013, som tidlegare år, er e-post utan tvil det mest vanlege hjelpemiddelet som vert nytta (98%). Tala frå 2013 viser i tillegg auka bruk av telefon, førebuinge reiser og møter, og videokonferansar samanlikna med tidlegare år. Tala viser og ein liten nedgang i bruk av nettsamfunn og oversending av skriftleg eller anna fysisk materiale samanlikna med tala frå 2012.

Figur 1: Hjelpemidlar i internasjonale prosjekt



Desse resultatane indikerer at sjølv om digital teknologi kan vere eit effektivt hjelpemiddel både i planlegging og gjennomføring av internasjonale samarbeidsprosjekt, så er direkte kontakt framleis viktig. Førebuinge reiser har vore mykje nytta, og skulane har fått midlar gjennom Leonardo da Vinci-programmet til slike reiser. Opplæringsavdelinga gir òg midlar frå internasjonaliseringsbudsjettet til førebuing av internasjonale prosjekt. I det nye Erasmus+ -programmet er det ikkje lenger mogleg å søkje om midlar til førebuing. Dette kan gjere at skulane i større grad må nytte digitale verktøy som til dømes Skype, e-Twinning og Adobe Connect i planlegginga.

5 Internasjonalisering «heime»

«Stortingsmelding nr. 14 (2008-2009): Internasjonalisering av utdanning» legg vekt på at elevane også skal få internasjonale impulsar utan å måtte reise utanlands. Omgrepet *internasjonalisering heime* vert her

² Dette spørsmålet var ikkje med i kartlegginga frå 2010 og kan dermed ikkje samanliknast

introdusert og inneber at skulane trekkjer internasjonale perspektiv inn i lokalt læreplanarbeid og i undervisninga. Kunnskap om globale forhold, politikk, språk og kultur skal gi elevane ein internasjonal kompetanse som vil gjere dei i stand til å fungere i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling. Skulane er generelt flinke til å trekkje den internasjonale dimensjonen inn i skulekvardagen og å bruke den internasjonale kompetansen som fins på skulane og i nærmiljøet sjølv om forståinga av omgrepet er lite kjent. Fortsatt er internasjonalisering det same som utanlandsturar for dei fleste. I denne samanhengen inneheld kartlegginga eit spørsmål om korleis skulane forstår og implementerer *internasjonalisering heime* ved eigen skule.

På spørsmål om skulane har hatt aktivitetar som dei definerer som internasjonalisering heime, svarar 52% av skulane «ja», 17% «nei», medan 9% ikkje var sikre. Det viser ein auke frå 21 til 23 skular frå 2012 som har hatt internasjonalisering heime. Det er i tillegg ein nedgang i talet på skular som ikkje er sikre på om dei har hatt slike aktivitetar. Dette kan tyde på at skulane no er meir bevisste på kva internasjonalisering heime er og at omgrepet er meir innarbeidd.

Aktivitetane viser eit stort mangfald, og tilbakemeldingane kan delast inn i fem grupper:

- **Fagundervisning og kompetansemål** – her trekkjer skulane prosjekta dei arbeider med inn i fagundervisninga. Samfunnsforhold, kulturforståing og språkkurs er nokre av tema som er nemnd. Ein skule svarer òg at dei brukar ressursane og kompetansen til eigne elevar (til dømes kan elevar frå fleirkulturell/minoritetsbakgrunn vere med som «hjelpelærarar»).
- **Knytt til internasjonale prosjekt** som skulen deltek i. Skulane melder om at store deler eller heile skulen, og ikkje berre dei som reiser utanlands, tar del i prosjekta gjennom både førebuing og oppfølging. Ein skule seier at «Å planleggja og gjennomføre aktivitetar i samband med Comenius-prosjekt er heimearbeid som famnar fleire enn berre dei som vert med på reisene». Fleire av skulane svarar at dei som deltek på reiser gjennom diverse prosjekt, må vidareformidle eller halde presentasjonar for resten av skulen. Ein skule melder at dei deltek på lokale arrangement som har fokus på kultur og tradisjon i det landet dei har samarbeidsprosjekt med.
- **Internasjonalt nærvær på skulen** – det er språkassistentar, utvekslingselevar som er ved skulen eit heilt år, eller utanlandske elevar eller lærarar som er ved skulen i ein kortare periode. Fleire skular melder om at dei har besøk av både utanlandske elevar og lærarar i samband med planlegging av internasjonale prosjekt. Ein skule seier og at det å vere vertskap for 42 elevar/lærarar frå 8 land i ei heil veke merkast på skulen, dei fleste på skulen er involverte og nyttar høve til eit europeisk perspektiv på det faglege arbeidet før, under og etter vertsrolla.
- **Internasjonale «dagar»** - som til dømes Operasjon Dagsverk (eller temadagar knytt til andre solidaritetsaksjonar og innsamlingsaksjonar), miljødag og «Internasjonal dag». Nokre skular har markert den internasjonale språkdagen, FN-dagen, og kinesisk nyttår.
- **Andre enkeltstående aktivitetar** – skulane melder og om andre typar arrangement som til dømes europeisk konferanse, show og fagdagar med internasjonale tema. Ein skule seier at dei har hatt praksisarbeid med FN-sambandet, og ein annan skule seier dei har eit tverrfagleg samarbeid mellom studiespesialiserande og innføringsklassane på skulen.

6 Planlagde aktivitetar for 2014

Når det gjeld aktivitetar som er planlagde for 2014, planlegg skulane først og fremst kortare elevturar og utsending av elevar gjennom Leonardo da Vinci-programmet. Over halvparten av skulane (51%) planlegg denne type aktivitet for 2014. Samanlikna med tala frå kartlegginga i 2012 er det ein liten nedgang i talet på skular som planlegg å ta imot elevar gjennom Leonardo-programmet og som planlegg å ta del i Comenius-prosjekt. Dette kan ha samanheng med at desse programma no vert avslutta og erstatta av det nye EU-programmet Erasmus+. Det er derfor gledeleg å sjå at 44% av skulane planlegg å søkje midlar gjennom

Erasmus+ i 2014. Det er og positivt at fleire skular planlegg deltaking i Nordplus-programmet. I kategorien «andre aktivitetar» nemner skulane aktivitetar som opplegg for nettbasert fellesundervisning, «Felles framtid», tilrettelegging av IB-utveksling og anna utveksling som ikkje kjem innunder EU-programma.

Tabell 3: Planlagde aktivitetar for 2014

	2014
Elevtur - opptil 4 veker	51 %
Leonardo da Vinci - sende ut elevar	51 %
Deltaking i ulike Comenius-prosjekt	44 %
Erasmus+: søke midlar	44 %
Leonardo da Vinci - ta i mot elevar	29 %
Erasmus+: sende ut elevar/lærarar (haust 2014)	27 %
Lærarutveksling - sende ut lærarar	27 %
Andre aktivitetar	24 %
Utveksling av elevar til ein annan skule - minst 4 veker	17 %
Deltaking i Nordplus-prosjekt	15 %
Lærarutveksling - ta i mot utanlandske lærarar	12 %
Ta i mot elevar frå ein annan skule - minst 4 veker	7 %


Dette er planlagde aktivitetar, og mykje kan endre seg i løpet av skuleåret, men om vi samanliknar tala med dei faktiske tala for 2013, er skulane relativt realistiske når dei legg fram planane sine.

Frå 2008 har det vore ei tydeleg dreining frå enkeltståande reiser med turistpreg til relevante prosjektsamarbeid under EU-program som Comenius og Leonardo da Vinci. Den auka innsatsen på området internasjonalisering, både nasjonalt og lokalt, og utfordringane med gratisprinsippet opp mot reiseverksemd har gjort at skulane meir og meir deltek i internasjonale samarbeidsprosjekt. Dei internasjonale aktivitetane vert såleis ein del av skulekvardagen og vert sett i samanheng med kvalitet i utdanninga.

7 Hindringar for internasjonalisering

Skulane ser tid og pengar heller enn kunnskap som dei største hindringane for internasjonaliseringsarbeidet. Figuren under viser at økonomiske ressursar er eit aukande hinder for internasjonaliseringsarbeidet. Resultata viser vidare at det er ein markant auke i skular som meiner mangel på tilsette som ønskjer å engasjere seg, er eit hinder for arbeidet.

Figur 2: Hindringer for internasjonalisering



8 Tilrettelegging for internasjonalisering

På spørsmål om kva skulane sjølv meiner kunne forbetre moglegheitene for internasjonalisering ved eigen skule, er det dei same problemstillingane kring «tid og pengar» som dominerer.

Tilbakemeldingane kan summerast som følgjer:

- **Økonomiske ressursar:** Sjølv om mange av skulane får økonomiske midlar gjennom EU-programma og Opplæringsavdelinga sitt internasjonaliseringsbudsjett til å gjennomføre internasjonale aktivitetar, seier skulane at desse midlane ikkje dekkjer inn alt arbeidet med aktivitetane. Skulane ønskjer økonomiske ressursar til å kunne planlegge og leggje til rette for framtidige aktivitetar. Eit forslag som går igjen er ressursar til ein internasjonal koordinator.
- **Tidsressursar:** Det er stor semje om at det internasjonale arbeidet tærer på nokre få eldsjeler blant lærarane. Derfor er det mange som tar til orde for å øymerke tidsressursar til internasjonalt arbeid (10-20%). Nokre skular nemner at det er for mykje papirarbeid og ikkje nok tid sett av til oppfølging og rapportering. Mange meiner internasjonalisering er eit positivt tiltak, men at det kjem på toppen av alt anna dei skal gjere, og terskelen for å engasjera seg vert veldig høg.
- **Kunnskap/informasjon:** Nokre skular svarar at dei vil ha informasjon om kva for moglegheiter og tilbod som finst, og at det burde vore lettare å finne informasjon hjå fylkeskommunen sine ulike arenaer. Andre nemner at dei ønskjer meir hjelp til å skrive søknader som gir midlar til internasjonaliseringsarbeidet.
- **Samarbeid:** Et par skular ønskjer at skulane slår seg saman om internasjonaliseringsarbeidet og på den måten kan dele på ressursar til ein internasjonaliseringskoordinator, medan ein annan skule ønskjer at det skal vere ei gruppe på skulen som arbeider med dette og ikkje berre ein person. Ein skule nemner språkbarrierar med samarbeidspartnare som eit hinder for internasjonaliseringsarbeidet.
- **Anna:** Fleire skular peikar på at internasjonaliseringsarbeidet krev eldsjeler, og at det dermed er nødvendig å prøve å motivere andre lærarar og leiinga i arbeidet. Ein skule seier at dei ønskjer å gi tilbod til alle elevane i ei undervisningsgruppe og ikkje berre nokre utvalde.


9 Motivasjonen bak og effektar av internasjonalisering

9.1 Motivasjonen for internasjonalisering

Det er ein kombinasjon av forklaringar bak skulane sitt internasjonale engasjement. På spørsmålet om kva som er hovudmotivasjonen bak internasjonaliseringstiltaka på skulane er dei tre viktigaste grunnane; å gi elevane internasjonal erfaring (90%), betre språkkunnskapen (81%) og gi elevane ei ny tilnærming til faget (76%). Motivasjonsfaktoren om å betre språkkunnskapen har auka jamt dei siste tre åra og er no ein større motivasjonsfaktor enn å gi elevane ei ny tilnærming i faget. Den viktigaste motivasjonen er dermed utbyttet til elevane.

Når det gjeld tilbakemeldingane i kategorien «Anna», er det «gulrot til elevar med lite fråvær», auka kulturforståing og jobbqualifisering som vert nemnt.

Figur 3: Motivasjon for internasjonaliseringsarbeidet



9.2 Effektane av internasjonalisering

Når det gjeld effektane av internasjonaliseringstiltaka, var det lagt opp som eit ope spørsmål der skulane kunne svare fritt. Tilbakemeldingane kan grovt sett delast i to kategoriar: dei positive effektane for einskilde deltakarar (både elevar og lærarar) og dei positive effektane for skulen, undervisninga og miljøet.

Internasjonaliseringsarbeidet har først og fremst ein motiverande effekt på elevane. Lærarar opplever at elevane får ny motivasjon for faget og har mindre fråvær. Utvida kulturperspektiv, forståing og auka evne til refleksjon er og nemnt fleire gonger av skulane. Vidare seier fleirtalet av skulane at utanlandsopphalda gir auka fag- og språkkunnskap samt personleg vekst. Lærarar melder om at elevane opplever ei kjensle av meistring som igjen gjer elevane meir modne og tryggare på seg sjølv.

Lærarane vert også meir motiverte og engasjerte av det internasjonale arbeidet. Skulane melder om at fleire lærarar deltek i arbeidet, og ein ser ein auke i tverrfaglege samarbeid på skulen. Gjennom deltaking i

internasjonale prosjekt vert det internasjonale perspektivet meir synleg i skulekvardagen, og fleire tilsette tek imot fagpedagogiske impulsar utanfrå.

Dei positive effektane for skulen vert understreka av mange. Dette kan vere i form av betre samhald og ei kjensle av eit styrka og meir positivt fellesskap. Fleire skular trekkjer fram at internasjonaliseringsarbeidet har ein effekt på omdømet og rekrutteringa til skulen. Det er òg fleire skular som melder at det i tillegg aukar rekrutteringa til språkfaga.

To skular nemner at dei har fått betre samarbeid til heim og føresette gjennom internasjonaliseringsarbeidet, og at føresette rapporterer om positiv utvikling hos sine ungdommar.


10 Informasjon og oppfølging

10.1 Informasjon

På spørsmål om skulane får tilstrekkeleg informasjon om tilboda som finst i høve til internasjonale aktivitetar, svarar 33 skular (75%) «ja», 6 skular (14%) «nei» og 5 skular (11%) «veit ikkje». Det er ein markant auke i skular som svarar «ja» på dette spørsmålet samanlikna med resultatata frå 2011 og 2012, med høvesvis 39% og 52%. Det forsterkar funna som viser at det er andre faktorar enn kunnskap som er til hinder for internasjonaliseringsarbeidet.

Når det gjeld i kva form skulane ønskjer å få informasjon, er det framleis ein kombinasjon av det digitale og det personlege. Det er ein jamn auke i talet på skular som ønskjer både elektroniske nyheitsbrev/e-post (89%) og informasjonsmøte (75%). I kategorien «Anna» finn ein ønskje om kontaktseminar, konferansar, kurs og seminar. Alle resultatata finst i Figur 4 nedanfor.

Figur 4: Ønske om informasjon om nye program/tiltak



10.2 Oppfølging

36% av skulane meiner at dei har behov for meir oppfølging frå administrasjonen i fylkeskommunen. Like mange, 36%, seier dei ikkje har behov for meir oppfølging, medan 27% er usikre. Desse resultatata er annleis enn tala vi har sett i tidlegare kartleggingar. I 2012 var det 41% som ville ha meir oppfølging, 20% som ikkje hadde behov for meir oppfølging og 39% som var usikre. Resultatata viser ein auke av skular som meiner dei får tilstrekkeleg med informasjon og ein nedgang av skular som ønskjer meir informasjon eller er usikre.

Dei 16 skulane som melde at dei har behov før meir oppfølging fekk høve til å utdjupe dette i eit siste fritekstspørsmål. Tilbakemeldingane kan grupperast som følgjer:

- **Informasjon:** Informasjonsmøte om programma for, og på, den aktuelle skulen, hjelp til å finne fram i tilboda som finst, informasjon om aktivitetar og opplæring i e-Twinning
- **Hjelp til det praktiske arbeidet:** Hjelp til søknadsskriving, ønske om ein fast kontaktperson, oppfølging og støtte til gjennomføring av prosjekt
- **Kontaktnettverk:** Nettverk for å finne nye kontaktar og samarbeidspartnarar, hjelp til å finne praksisplassar for elevar som kjem til Norge
- **Erfaringsutveksling:** Samlingar for skular med dei same programfag der dei kan utveksle erfaringar



Notat

Dato: 28.04.2014
Arkivsak: 2014/15743-1
Saksbehandlar: stiaas9

Til: Opplærings- og helseutvalet 03.06.14
Fylkesutvalet 19.06.14

Frå: Fylkesrådmannen

Tiltak for å forhindre rusmidlar i skulen

I Fylkesutvalet 12.03.14 sette Mona Røsvik Strømme på vegner av Høgre fram oversendingsforslaget:

"Ber om sak om tiltak for å forhindre rusmidlar i den vidaregåande skolen."

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Hordaland fylkeskommune har ei klår linje mot rus i den vidaregåande skulen og har i samband med dette to hovudtiltak for å auka kompetansen om rusbruk, forhindre at elevar startar med rusmidlar og auka kompetansen om korleis ein skal handtera elevar som brukar rusmidlar. Gjennom *Kjentmannsordninga* og det førebyggjande arbeidet mot dopingbruk vil skulane sine lærarar og elevar ha god kunnskap til å ta rette val når det gjeld rusmidlar, handtera eventuell bruk av rusmidlar, samt god kunnskap om aktuelle samarbeidspartnarar og fagpersonell når det gjeld rus og ungdom.

Kjentmann.

Stiftelsen Bergensklinikkene har utvikla programmet «Kjentmann». Dette er eit beredskapsverktøy til bruk i skuleverket utvikla på oppdrag frå Rusmiddelpolitisk råd i Bergen kommune. Utviklingsarbeidet var eit samarbeid mellom Stiftelsen Bergensklinikkene og ei lokal ressursgruppe som bestod av elevar, lærarar, sosialarbeidarar, helsearbeidarar og kulturarbeidarar. Opplegget har som formål å gje kunnskap om konstruktive handlingsalternativ i forhold til ungdom og rus. Opplæringa skjer gjennom ei 30-timars seminarrekke og omfattar blant anna generell innføring i ungdom og rusproblematikk, innføring i kommunikasjon og samtalemetodikk i forhold til rus, og oversikt over aktuelle samarbeidspartnarar for skulen. Seminarrekka er bygt opp omkring førelesingar, diskusjonar og øvingar. Grunnleggjande for "Kjentmann" er at skulen korkje skal overreagera eller vera likegyldig, men bringe eleven vidare i hjelpeapparatet på ein ivaretakande måte og i eit tempo eleven kan følgje. Ein ambisjon bak "Kjentmann" er å gje elevar med eit begynnande rusmiddelproblem ei oppleving av omsorg og inkludering frå skulen si side; ikkje avvising og fordømming. "Kjentmann" gjev råd i forhold til å oppdaga og sjå elevar med rusproblematikk, kommunikasjon og samtale om rus og eksterne samarbeidspartnarar for skulen.

Nokre vidaregåande skuler har fått opplæring i dette, og Hordaland fylkeskommune ønskjer at fleire vil nytta seg av det. Fylkesdirektør for opplæring vil oppmoda skulane til å nytta seg av dette opplegget.

Antidoping.

Hordaland fylkeskommune er i gong med ei omfattande satsing på førebyggjande arbeid innan antidoping. For gutar er det ofte ein nær samanheng mellom doping og rus. Arbeidet mot doping er soleis eit viktig arbeid for å forhindra at fleire rusar seg. Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune har inngått eit samarbeid om å arbeida mot bruken av doping og å arbeida for å spreia kunnskapen om dei negative konsekvensane ved bruk av doping. Prosjektet starta opp hausten 2013 og går over to skuleår. Eitt av tiltaka er eit skuleprosjekt som inneber opplæring av skulen sine elevar, lærarar og tilsette om doping, kunnskap om dopingrelaterte forhold i "nærmiljøet" og tilbod om eigne undervisningsopplegg som kan nyttast på skulene. Prosjektet vil tilpassast opplegget til enkeltskular og linjer. HFK samarbeider tett med Antidoping Norge og har finansiert ei 50% prosjektleiarstilling i 2 år for å sette det førebyggjande arbeidet på dagsorden i alle skulane i HFK. Prosjektleiar skal mellom anna besøkje alle dei vidaregåande skulane i Hordaland, ha undervisning og samtale med elevar, lærarar, helsesøster og faglærar på dei respektive skulane, dessutan besøkje utvalde lærarsamlingar.

Fylkesdirektør for opplæring har tru på at skulane gjennom auka bruk av programmet *Kjentmann* og det pågåande arbeidet mot doping har eit godt og kunnskapsbasert rammeverk for å handtera rusrelaterte utfordringar.



Notat

Dato: 13.05.2014
Arkivsak: 2014/16324-1
Saksbehandlar: laikle3

Til:	Opplærings- og helseutvalet Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Prøveprosjekt med mobbeombod

Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet har invitert fylkeskommunane til å søkje om midlar til prøveprosjekt med mobbeombod. Fylkesdirektør for opplæring har søkt om midlar til prosjektet, jf. vedlagd søknad. Prosjektmidlane dekkjer halvparten av kostnadene til mobbeombod, slik at fylkeskommunen sjølv må finansiere 50 prosent av ordninga.

For å styrke arbeidet med læringsmiljøet på skulane har elevinspektøren sine arbeidsoppgåver vore drøfta både ute på skulane, av organisasjonane og i seksjon skule på opplæringsavdelinga. Som resultat av dette er stillingsinstruksen oppdatert med mål om å tydeleggjere elevinspektøren si rolle.

Innsatsen mot mobbing må vere vedvarande og forankra i heile skulesamfunnet om han skal ha effekt. Gjennom elevinspektørane og ressursteama på skulane vil eit mobbeombod ha den nødvendige arena for samarbeid og forankring for sitt arbeid ute på skulane. Eit prøveprosjekt med mobbeombod gir høve til betre systematisk innsats og gir eit viktig signal til både skulane og samfunnet rundt.

Sjølv om samla tal frå *Elevundersøkinga* viser gode resultat over fleire år både i Hordaland og nasjonalt, er mobbing eit alvorleg problem for den enkelte. Fleire tusen Hordalandselevar er involverte i mobbing kvart år. Utdanningsdirektoratet viser til nasjonal og nordisk forskning som peikar på direkte samanheng mellom mobbing og læringsresultat, fråvær og fråfall.

Eit mobbeombod vil kunne styrke arbeidet mot mobbing på fleire nivå:

1. Gjennom ein rettleiarfunksjon knytt til skulane og elevinspektør-instituttet
2. Som sjølvstendig ombod for elevane, fristilt frå skuleleiinga

Prosjektet skal levere ein rapport over korleis stillinga som mobbeombod har vore nytta og vurdert. Rapporten skal òg konkludere med ei tilråding om det er ønskjeleg med ei permanent ordning.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prøveprosjekt med mobbeombod		
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Linda Farestveit	Gjeld frå: 10.05.2014
Utarbeidd av: Laila Kleppe	Godkjend dato: 10.05.2014	Revidert dato:	Arkivsak:

Versjon av prosjektplan:
Dato: 10.05.2014

Bakgrunn og forankring hos fylkeskommunen

Læringsmiljø

Utdanningsdirektoratet lyser ut midlar til særskilte lokale tiltak for betre læringsmiljø og innsats mot mobbing. Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har søkt om midlar til betre læringsmiljø, til prosjektet *Systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø* for å få til meir systematikk i samarbeidet med elevrådet på skulane i fylket. Som einaste skuleeigar i landet har Hordaland fylkeskommune prioritert å tilsetje eigen elevinspektør på alle dei 46 vidaregåande skulane, og arbeid med skulen sitt læringsmiljø er eitt av dei tre hovudområda for elevinspektøren, i tillegg til oppfølging av elevråd/elevdemokrati samt ressursteam og elevteneste/rådgivarteneste. Stillinga varierer i storleik frå 40-80% ressurs alt etter skulen sin storleik. ¹ Ein rådgivar ved Opplæringsavdelinga har særskilt ansvar for koordinering av elevinspektørane og deira arbeidsområde. Gjennom system for verksemdbasert vurdering har skuleeigar og skulane dialog og samarbeid om læringsmiljø, der mobbing er eitt av tema som blir fulgt opp, og til liks gjennom HFK sitt kvalitetssystem for oppfølging av elevane sine rettar, jf. Opplæringslova § 9a.

OT/PPT vil gjennom ressursteamet kunne rettleie skulane i det som gjeld læringsmiljøet, både på system- og individnivå.

Mobbeombod - prøveprosjekt

I samband med ei styrking av arbeidet med læringsmiljøet på skulane, mellom anna ved tydeleggjering av elevinspektøren sitt ansvarsområde, ønskjer vi å etablere ei prøveordning med mobbeombod.

Slik vil vi leggje til rette for auka innsats mot mobbing:

- Systematisk arbeid i skulane, koordinert av elevinspektørane
- Systematisk samarbeid med eit mobbeombod som skal ivareta elevane sine rettar til eit godt psykososialt miljø, men òg kunne rettleie dei ulike partane i og rundt skulesamfunnet. Det er eit viktig moment at eit ombod vil vere fristilt i forhold til skuleleiinga, motsett elevinspektørane. Nettopp derfor kan dei to ordningane utfylle og styrkje kvarandre til beste for elevane. Det er grunn til å minne om at ifølgje *Elevundersøkelsen* melder dei fleste elevar *ikkje* frå til lærarane når mobbing skjer.

I *Tilstandsrapport for vidaregåande opplæring 2012/13* vert funna i *Elevundersøkelsen* drøfta i lys av annan kunnskap om mobbing. Mellom anna

¹ [..\Læringsmiljø 2014\Søknad Fylkesmannen-midler til bedre læringsmiljø.docx](#)

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prøveprosjekt med mobbeombod		
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Linda Farestveit	Gjeld frå: 10.05.2014
Utarbeidd av: Laila Kleppe	Godkjend dato: 10.05.2014	Revidert dato:	Arkivsak:

forsking frå Sverige som viser at elevar som ikkje har fullført vidaregåande utdanning oppgir mobbing (usynleggjering, utanforskap, truslar og vald) som hovudgrunn for at dei trekte seg bort frå skulen: «utestengda från gemenskapen i skolan».²

Det er stadfest gjennom omfattande forsking at innsatsen mot mobbing må vere vedvarande og forankra i heile skulesamfunnet om innsatsen skal ha effekt. Ulike program og kampanjar kan nyttast som verkty, men hjelper ikkje på lengre sikt om ikkje skulane kartlegger regelmessig og handlar føreseieleg.

Resultata i *Elevundersøkelsen* i spørsmål knytt til mobbing viser gode aggregerte fylkesresultat over fleir år, og Hordaland skårar grønt på undersøkinga. Resultata er også samanfallande med det nasjonale snittet. Likevel er det ingen grunn til å slå seg til ro med at mange tusen hordalandselevar er involverte i mobbing kvart år. For den enkelte eleven kan det bli svært øydeleggjande.

Eit mobbeombod vil kunne styrke arbeidet mot mobbing gjennom ein rettleiarfunksjon knytt til skulane og elevinspektør-instituttet. Ikkje mindre viktig er det at elevar får eit sjølvstendig ombod å vende seg til, som alliert og lagspelar ved behov.

Formål med prosjektet (effektmål)

Elevar, foreldre og skular skal oppleve at vidaregåande opplæring i Hordaland har eit godt og ope system for handtering av mobbing.

Rutinar og handlingsplanar skal vere tydelege, særleg fordi dette er eit felt der mykje er underkommunisert og skjult.

Konkrete mål i prosjektet:

- Mobbeombod, elevinspektørar og Elevorganisasjonen i Hordaland planleggjer og gjennomfører koordinert informasjonsarbeid til skulane og elevråda spesielt
- Mobbeombod deltek på samling for elevinspektørar planlagt i januar 2015 for å drøfte og samkøyre strategiar
- Samarbeid mellom ombod og skular om betre strategiar i høve nettmobbing og åtferd på sosiale medier
- Gjennom samarbeidet bidra til haldningsskapande arbeid både lokalt og gjennom nettverk, til dømes Pestalozzi-programmet 'No hate movement'
- Leggje til rette for at elevar som kjenner seg mobba eller krenkt har lågare terskel for å ta kontakt og be om hjelp enn i dag

Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjektmål)

Prosjektet skal levere ein rapport over korleis stillinga som mobbeombod har vore nytta og korleis brukarane vurderer ho. Rapporten skal konkludere med ei klar tilråding om det er ønskeleg med ei permanent ordning eller ei.

² [..tiorsaker.pdf](#)

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prøveprosjekt med mobbeombod		
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Linda Farestveit	Gjeld frå: 10.05.2014
Utarbeidd av: Laila Kleppe	Godkjend dato: 10.05.2014	Revidert dato:	Arkivsak:

Tidsplan

Rekruttering og tilsetjing august-oktober 2014

Oppstart januar 2015

Evaluering desember 2015 – mars 2016

Organisering av prøveprosjektet

Prosjektansvarleg: Fylkesdirektør for opplæring, Svein Leidulf Heggheim

Styringsgruppe:

Seksjonsleiar seksjon skule, Linda Farestveit

Seniorrådgivar Laila Kleppe

Regionleiar opplæringsavdelinga

Prosjektleder: Mobbeombod

Referansegruppe:

Jorun Bakke Johannessen, HMT/HFK

Psykolog, OT/PPT

Ny jurist opplæringsavdelinga (under tilsetjing)

Elevinspektør

Representant frå forskingsmiljø, UiB/HIB (ikkje avklart)

Korleis prosjektet heng saman med andre oppgåve eller prosjekt

Jf. søknad om midlar til betre læringsmiljø, sjå ovanfor.

Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt

- Prosjektresultat handsamast av skoleeigar januar 2016
- Prosjektresultat presenterast for politisk handsaming i januar 2016
- AUD – seksjon for analyse, utgreiing og dokumentasjon i Hordaland fylkeskommune – gjennomfører evaluering og rapportering på vegner av prosjekteigar, januar-mars 2016
- Rapporten presenterast for UDIR innan 1. juli 2016.

Budsjett

Prosjektleder, inkl. sosiale utgifter	800.000,-
Drift av kontor, andre prosjektutgifter	200.000,-
Eiga finansiering	500.000,-
Prosjektmidlar UDIR	500.000,-

Opplærings- og helseutvalget

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Bergen, 14. 05 2014

Innspill som KIS har fått fra Senter for voksenopplæringen på Årstad gir oss grunn til bekymring i forhold til en gruppe med voksne med minoritetsspråklig bakgrunn som faller mellom to stoler. Vi ønsker derfor å videreformidle disse innspillene til Opplærings- og helseutvalget.

Voksne minoritetsspråklige som søker opplæring har i varierende grad yrkeserfaring fra faget de ønsker fagbrev i. Mange har fra tidligere lite, eller mangelfull opplæring i skole, utover grunnskole i Norge, eller landet de kommer fra. De kan heller ikke dokumentere relevant arbeidserfaring i yrkesfaget de søker opplæring i. Voksenopplæringen på Årstad møter og mange relativt unge voksne, med rett, som har lite relevant arbeidserfaring.

Det er en lovpålagt oppgave å gi voksne en ny mulighet til å få en fullført videregående opplæring dersom dette ikke har lyktes dem tidligere. I denne sammenheng er det svært viktig at de møter en opplæringssituasjon de kan mestre, og lykkes med å fullføre, når de på nytt vil prøve å få slik opplæring. Både individuelle og samfunnsmessige konsekvenser blir, ikke bare økonomisk men også sosialt tunge å bære, dersom den enkelte ikke lykkes.

Tilbudet HFK har til voksne innen yrkesfagene, som ønsker fagbrev i yrket sitt, er et teorkurs på 304 timer. Undervisningen er lagt til en fast dag pr uke i ett skoleår. Deltagerne tar eksamen på VG3-nivå etter endt opplæring. De er da, med tilstrekkelig arbeidserfaring, klar for fagprøve som Praksiskandidat.

Erfaringene fra Årstad er at mange minoritetsspråklige voksne trenger full opplæring på Vg1, Vg2 i skole og Vg3 i bedrift. De mangler en relevant arbeidserfaring og trenger både praktisk og teoretisk opplæring for å få fullført videregående opplæring. I HFK sin Søkerhåndbok 2014 s 13 står det at; «Ved inntaket til ordinær videregående opplæring er dei med Vaksenrett i prioriteringsgruppe 2, altså prioritert etter dei med Ungdomsrett». Senter for voksenopplæring på Årstad erfarer at minoritetsspråklige, og andre voksne med voksenrett, likevel ikke får plass, og at de kommer tilbake til voksenopplæringen med brev fra Inntakskontoret om å kontakte dem for tilbud. Tilbudet på Senter for voksenopplæring på Årstad er derimot tilpasset Praksiskandidater, og de prøver derfor å vise søkerne til eventuelle ledige plass i skolens klasser etter 1. september, når skolene selv kan fylle opp klassene. Senteret på Årstad erfarer dessverre at de i liten grad har kunnet få til noe for denne gruppen av voksne.

Senter for voksenopplæring på Årstad har tatt dette opp internt ved flere anledninger de siste årene, men de ser ikke at disse søkerne får et tilbud tilpasset dem, med praktisk og teoretisk opplæring. De får heller ikke plass i ordinære klasser for elever

med ungdomsrett. De holdes utenfor opplæring og arbeid, noe som er kostnadskrevenne for samfunnet.

Vi håper dette kan tas opp som sak i Opplærings- og helseutvalget.

På vegne av KIS

Inger Johanne Seim
Fungerende leder



Notat

Dato: 22.05.2014
Arkivsak: 2014/16834-1
Saksbehandlar: oydzien

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Administrasjonsspråk i fylkeskommunen

I møteboka for opplærings- og helseutvalet 13.05.2014 kjem fram:

Forslag frå representanten Anette Netteland Dybvik:

«Ønsker sak om administrasjonsspråk i fylkeskommunen. Dvs. at man ønsker å vurdere å gå fra å ha nynorsk som administrasjonsspråk til å kunne benytte både bokmål og nynorsk (jfr. oversendingsforslag fra representant Femoen 06.04.11). Dette for å sikre kvaliteten i skriftspråket».

Forslaget vart vedteke oversend fylkesrådmannen mot 6 røyster (SP/KRF/AP).

Fylkesrådmannen viser til at det ikkje er røysta over realiteten i forslaget. Det er derimot røysta over om forslaget skulle oversendast til fylkesrådmannen.



DIS-Norge, Slekt og Data
Forbundet KYSTEN
Fortidsminneforeningen
HIFO – Den norske historiske forening
LMK – Landsforbundet av Motorhistoriske kjøretøyklubber
Landslaget for lokalhistorie
Landslaget for Lokal – og Privatarkiv
Museumsbanerådet
Norges Husflidslag
Norges Metallsøkerforening
Norsk Folkedraktforum
Norsk Folkeminnelag
Norsk Forening for Fartøyvern
Norsk Heraldisk Forening
Norsk Fyrhistorisk Forening
Norsk Jernbaneklubb
Norsk Kulturarv
Norsk Skipsfartshistorisk Selskap
Norsk Slekthistorisk Forening
Norske Akevitters Venner
Rutebilhistorisk Forening

Mottakarakar:

Fylkeskommunar, Kunnskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kulturdepartementet, Riksantikvaren.

Kopi til: Hjerleid (Handverksskulen og Senter for bygdekultur), Høyskolen i Sør-Trøndelag, presse

SPESIALISERT HANDVERKSUTDANNING - UTTALE

1. BEHOV

Skal ein oppnå god restaurering av kulturminne må ein ha godt kvalifiserte handverkarar til å utføre arbeidet. I Norge har vi eit stor tal verneverdige bygningar og andre kulturminne som det er ønskje om å ta vare på. Mange har eit formelt vern etter Kulturminnelova eller Plan- og bygningslova.

Det er i gang omfattande planarbeid nasjonalt, regionalt og på kommunenivå for å gi fleire kulturminne eit formelt vern. Riksantikvaren arbeidar med revisjon og supplering av fredingslista. Fylkeskommunane lagar regionale delplanar for kulturminne og lokalt blir det laga kommunale kulturvernplanar. Stortinget har mellom anna gjort vedtak om at innan 2020 skal alle freda bygningar i Norge ha ein god vedlikehaldstilstand.

Det er har også vore ei positiv utvikling slik at det i dag er meir offentlege midlar som kan brukast til kulturverntiltak. Og mange private eigarar er viljuge til å bruke eigne midlar til restaurering. Men gode planar og økonomiske midlar er ikkje nok til å nå eit mål med kulturminne som er tekne vare på etter antikvariske retningsliner og har ein god bygningsmessig stand. Skal ein nå dette målet må ein også ha spesialiserte handverkarar som kjenner gamle byggmåtar og teknikkar, materialbruk og lokal byggeskikk.

2. OPPLÆRING

Dagens formelle utdanningstilbud i Norge har ikkje ordningar som gir kompetanse innanfor dette spesielle fagfeltet. Her er det snakk om ei opplæring som byggjer på ei grunnleggande handverksutdanning og fører fram til ei spesialisering.

I denne opplæring er herming etter personar som kan faget og omfattande øving naudsynt for å bli ein god utøvar. Dette er opplæring som er vanskeleg å putte inn i dagens etablerte høgskole- og universitetssystem. Men samtidig er det viktig at dei som får slik opplæring kan oppnå ein formell utdanningsgrad. Innanfor anna "handlingsboren" kunnskap med sterk grad av spesialisering som i kunstfag er det akseptert at ein må lære på ein slik måte, men innanfor byggfaget er det endå ikkje på plass.

Ein modell kan vere å lage eit høgskolestudium der ein kombinerar teori med stor grad av praktiske øvingar. Men då er det viktig at dei praktiske øvingane kan gjerast i eit miljø som har denne kompetansen og som kan ha naudsynt tilgang på øvingsoppgåver.

Skal ein bli god til å setje i stand ei bygning, må ein kjenne til korleis den er bygt og det må lærast gjennom bygging av kopiar av eldre hus. Med den kunnskapen i botn kan ein ha nok innsikt til å vite korleis ein set istand. I landet vårt har vi ulike byggeskikkar og byggemåtar frå landsdel til landsdel.

Det er viktig at desse regionale forskjellane også blir tekne vare på og vidareført. Det får ein best til gjennom å legge øvingsarenaer/bygghytter for opplæring ute i distrikta. Vi har i dag nokre slike etablerte fagmiljø, mellom anna Senter for bygdekultur på Hjerleid i Dovre kommune og Husasnotra ved Geitbårmuseet i Halså kommune. På begge desse stadane har ein dreve opplæring av "næmingar" over lengre tid med godt resultat.

På denne bakgrunnen er det eit krav frå oss at styresmaktene legg til rette for å opprette slike spesialiserte handverksutdanningar i dei ulike regionane i landet vårt.

Med tanke på målet om at alle freda bygningar skal vera i akseptabel vedlikehaldsmessig stand innan 2020, er det verkeleg på høg tid å koma i gang !

Leangkollen, Asker 11. mai 2014

Fra: Louise Brunborg-Næss (louise@kulturvern.no)

Sendt: 13.05.2014 12:09:18

Til: post@kulturvern.no; postmottak@akershus-fk.no; postmottak@austagderfk.no; postmottak@bfk.no; postmottak@ffk.no; postmottak@hedmark.org; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; post@mrfylke.no; post@nfk.no; postmottak@ntfk.no; postmottak@ntfk.no; postmottak@oppland.org; firmapost@rogfk.no; postmottak.sentraladm@sfj.no; postmottak@stfk.no; post@t-fk.no; postmottak@tromsfylke.no; postmottak@vaf.no; Vestfold fylkeskommune; sentralpost@ostfoldfk.no

Kopi:

Emne: Uttalelse fra kulturvernforbundets landsmøte

Vedlegg: image001.jpg;Spesialisert-handverksutdanning.docx

Til Fylkeskommunene,

Kulturvernforbundets landsmøte vedtok i helgen vedlagte resolusjon.

For mer informasjon, kontakt generalsekretær Jan Solberg, tlf 916 48 005 eller

Louise Brunborg-Næss

louise@kulturvern.no

post@kulturvern.no

tlf 48 29 73 73

Norges kulturvernforbund

Øvre Slottsgate 2B

0157 Oslo

www.kulturvern.no

www.twitter.com/kulturvern

www.instagram.com/kulturvern

www.facebook.com/kulturminnedagene



Kulturvern
forbundet



Notat

Dato: 24.04.2014
Arkivsak: 2014/15640-1
Saksbehandlar: brihegg

Til:	Kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Møteplan for folkevalde organ 2015 - utkast

Vedlagt følgjer utkast til møteplan 2015 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, fylkesvalstyret og administrasjonsutvalet. Dei andre fylkeskommunale utvala fastset møteplanen sin sjølve. Planen er å leggja forslaget til møteplan fram for fylkesutvalet i mai.

Fylkesutvalet vedtok i desember 2013 møteplan for 1. halvår 2015. Etter planen skulle møteplan for 2. halvår leggjast fram i april 2014.

I fylkesutvalet 30.01.14 kom det forslag om at opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet skal gi uttale til kultur- og ressursutvalet i opplæringspolitiske og samferdselspolitiske saker. Det vert lagt fram sak om endring i delegasjonsreglementet i samsvar med forslaget til junitinget med innstilling i fylkesutvalet i mai. Dersom forslaget vert vedteke, vil det ha konsekvensar for møteplanen, også den som er vedteken for 1. halvår 2015.

Det er tidlegare gjort vedtak i fylkesutvalet om at kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet skal ha møte i same veka (fylkesutvalet 26.09.12). Vidare har det vore praksis over fleire år at kultur- og ressursutvalet og opplærings- og helseutvalet som hovudregel har møte tysdag og samferdselsutvalet har møte onsdag. Det vert i vedlagde forslag til møteplan for 2015 lagt opp til at kultur- og ressursutvalet får torsdag som møtedag slik at innstillingane frå dei andre utvala kan verta lagde fram.

I utkastet til møteplan er det ikkje gjort endringar med omsyn til møtedag for opplærings- og helseutvalet (tysdag), samferdselsutvalet (onsdag) og fylkesutvalet (torsdag) med nokre unntak: Fylkesutvalet sitt møte i mai er lagt til tysdag i staden for torsdag av omsyn til festspelarrangement. Samferdselsutvalet sitt møte i mai er lagt til tysdag og kultur- og ressursutvalet sitt møte til onsdag då torsdag er Kristi himmelfartsdag. Desse endringane vert foreslått av omsyn til vidare saksgang til fylkesutvalet og fylkestinget. Alternativt må møta i utvala leggjast ei veka tidlegare.

Premissar elles for forslaget:

Vinterferie for dei fleste skulane i veke 9

Påske 30. mars – 6. april

Kr. himmelfartsdag 14. mai

Pinse 24. – 25. mai

Festspela 20. mai – 3. juni (truleg slik, ikkje annonsert så langt)

Hautferie truleg veke 41



MØTEPLAN 2015 - UTKAST

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Fylkestinget			10.-11.			9.-10.				13.-14. 27.		8.-9.
Fylkesutvalet	29.	18.-19.	26.	22.-23.	19.	18.		27.	23.-24.	29.	18.-19.	3.
Kultur- og ressursutvalet	22.	11.-12.	19.	16.	13.	4.		20.	10.	1.	12.	
Opplærings- og helseutvalet	20.	10.	17.	14.-15.	12.	2.		18.	8. 29.		10.	
Samferdselsutvalet	21.	11.	18.	14.-15.	12.	3.		19.	9. 30.		11.	
Administrasjonsutvalet			25.			17.					12.	
Fylkesvalstyret					28.			27.	23.			
Klagenemnda												
Kontrollutvalet												





Arkivnr: 2014/16323-1

Saksbehandlar: Berit Roksvåg

Saksframlegg

Saksgang

UTVAL	
Opplærings- og helseutvalet	03.06.2014
Fylkesutvalet	19.06.2014

Samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune- Lønborg videregående skole- og Tanga International Competence Center

Samandrag

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i mai 2010 at Lønborg videregående skole kunne opprette ei internasjonal linje i helsearbeidarfaget der inntil 15 elevar/lærlingar på Vg 2 skulle få delar av opplæringa si på ulike helse- og sosialinstitusjonar på Zanzibar. Tilbodet skulle i første omgang gjelde fram til opning av Amalie Skram videregående skole, med mål om ytterlegare vidareføring. I 2012 blei ordninga utvida til også å omfatte elevar og lærlingar frå barne- og ungdomsarbeidarfaget. Prosjektet blei vellukka både i høve til rekruttering og læringsutbytte, og fram til 2013 registrerte Lønborg videregående skole ein markant auke på søkjarar og fekk mellom anna oppretta ein ekstra klasse i helsearbeidarfaget.

På grunn av stigande uro på Zanzibar valde leiinga ved skulen og Opplæringsavdelinga ikkje å sende elevar og lærlingar til øya i skuleåret 2013 - 2014. Utanriksdepartementet åtvarar ikkje direkte mot å opphalde seg på Zanzibar, men dei meiner at den politiske uroa vil stige fram mot valet i 2015. Kriminalitet retta mot turistar ser ut til å auke, men den politisk motiverte valden har så langt ikkje retta seg mot utlendingar. Skuleleiinga i samråd med Fylkesdirektør opplæring har etter fleire møte og ei grundig vurdering vedteke at ein ikkje lenger vil tilby praksisopphald på institusjonar på Zanzibar, men heller ønskjer å etablere eit samarbeid med Tanga International Competence Center Ltd (TICC) på fastlandet i Tanzania. Tilbodet vil vere det same som det var på Zanzibar; alle elevar i Hordaland som har fullført Vg1 helse- og oppvekstfag, kan søkje på Vg2 helsearbeidarfag eller barne- og ungdomsarbeidarfag ved Lønborg vgs. I løpet av Vg2 vil opp til 15 elevar få delar av opplæringa (delar av prosjekt til fordjuping) på fleire helse- og omsorgsinstitusjonar i Tanga. Lærlingar kan søkje læreverksemda om å få ta del i prosjektet. Opphaldet på åtte veker vil dekke både programfag og fellesfag for elevane, samt oppfølging av kompetanssmål for lærlingane.

Prosjektet i Tanga vil bli finansiert av fondsmidlar som Lønborg vgs disponerer. Skulen vil bruke fondsmidlar til å dekkje alle utgifter i heile prosjektperioden og pliktar seg til å følgje prinsippet om gratis opplæring.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at Lønborg videregående skole opprettar eit samarbeid med Tanga International Competence Center Ltd (TICC) på fastlandet i Tanzania for å utarbeide eit tilbod til elevar og lærlingar i Vg2 helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag om praksisopphald på ulike helse – og

omsorgsinstitusjonar i Tanga frå skuleåret 2014 - 2015. Tilbodet vil i første omgang gjelde fram til opninga av nye Åsane vidaregående skole.

Johnny Stiansen
Fung. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.05.2014

Innleiing

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i mai 2010 at Lønborg videregående skole kunne opprette ei internasjonal linje i helsearbeidarfaget der inntil 15 elevar/lærlingar på Vg 2 skulle få delar av opplæringa si på ulike helse- og sosialinstitusjonar på Zanzibar i nært samarbeid med læreverksemder i Hordaland og Ministry of Health and Social Welfare på Zanzibar. Tilbodet skulle i første omgang gjelde fram til opning av Amalie Skram videregående skole, med mål om ytterlegare vidareføring. Vedtaket blei gjort med bakgrunn i eit vellukka forprosjekt som blei vedteke i fylkesutvalet i mai 2009. I 2012 blei ordninga utvida til også å omfatte elevar og lærlingar frå barne- og ungdomsarbeidarfaget. Bakgrunnen for prosjektet var eit ønskje om å gjere helsefagarbeidarutdanninga meir attraktiv og såleis rekruttere fleire ungdommar til utdanninga. Både helse- og oppvekstsektoren har utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg personell og nødvendig fagkompetanse, og eit slikt tilbod ville kunne gi fleire og betre kvalifiserte og motiverte helsefagarbeidarar og barne- og ungdomsarbeidarar og på sikt auke kvaliteten på helse-, omsorg- og oppveksttenestene.

Evaluering

Prosjektet har vore evaluert undervegs. Opplæringsavdelinga ved Berit Roksvåg deltok på Zanzibar i 2010 og la fram rapport for helse- og opplæringsutvalet i mai 2010. Leiar for HMT-tenesta Ruth Brudvik møtte elevar, lærlingar og tilsette våren 2012 og har i etterkant lagt fram ein positiv omtale av prosjektet. Fram til 2013 registrerte Lønborg videregående skole ein markant auke på søkjarar og fekk mellom anna oppretta ein ekstra klasse i helsearbeidarfaget. Dei 40 elevane og lærlingane som har hatt praksisopphald på helseinstitusjonar og barneheim på Zanzibar har alle gjeve positive tilbakemeldingar etter opphaldet.

Prosjektet har såleis vore vellukka både når det gjeld rekruttering og læringsutbytte, men på grunn av stigande uro på Zanzibar valde leiinga ved skulen og Opplæringsavdelinga ikkje å sende elevar og lærlingar til øya i skuleåret 2013 - 2014. Elevane på Vg2 ved Lønborg vgs fekk i dette skuleåret som erstatning eit praksisopphald i Cartagena i Spania. Utanriksdepartementet åtvarar ikkje direkte mot å opphalde seg på Zanzibar, men dei meiner at den politiske uroa vil stige fram mot valet i 2015. Kriminalitet retta mot turistar ser ut til å auke, men den politisk motiverte valden har så langt ikkje retta seg mot utlendingar. Skulen og Opplæringsavdelinga har hatt fleire møte gjennom vinteren og våren 2014 der ein har diskutert om ein skulle ta opp igjen tilbodet eller ikkje frå skuleåret 2014 - 2015. Skuleleiinga har i samråd med Fylkesdirektør opplæring no vedteke at ein ikkje lenger vil tilby praksisopphald på institusjonar på Zanzibar, men heller ønskjer å etablere eit samarbeid med Tanga International Competence Center Ltd (TICC) på fastlandet i Tanzania. Tilbodet vil vere det same som det var på Zanzibar; alle elevar i Hordaland som har fullført Vg1 helse- og oppvekstfag, kan søkje på Vg2 helsearbeidarfag eller barne- og ungdomsarbeidarfag ved Lønborg vgs. I løpet av Vg2 vil opp til 15 elevar få delar av opplæringa (delar av prosjekt til fordjuping) på fleire helse- og omsorgsinstitusjonar i Tanga. Lærlingar kan søkje læreverksemda om å få ta del i prosjektet. Opphaldet på åtte veker vil dekke både programfag og fellesfag for elevane, samt oppfølging av kompetansemål for lærlingane. Sidan elevane, lærlingane og lærarane vil bu på området til kompetansesenteret, vurderer Fylkesdirektør opplæring dette opplegget som mykje tryggare enn tilbodet på Zanzibar.

Samarbeidsprosjekt med kompetansesenteret TICC

I samband med vurderinga av ei reetablering av tilbodet på Zanzibar for skuleåret 2014 – 2015 valde rektor ved Lønborg vgs å besøkje TICC-Tanga for å sjå på mogleghetene for eit samarbeid på fastlandet i Tanzania. På førehand hadde Statens Lånekasse stadfesta at det er mogleg å endre praksisplass når alternativ plassering er i same land som det er gitt godkjenning for tidlegare. Kompetansesenteret som starta i 2006, er leia av norske Ruth Nesje. Målet for senteret er å bli eit leiande kompetansesenter i Aust-Afrika, og det er i dag leiande i Tanzania. Frå 2008 har norske sjukepleiarstudentar hatt høve til å gjennomføre praksis gjennom TICC. Senteret har samarbeid med åtte høgskular i Norge og tre i Tanzania. TICC tilbyr fagleg opplegg for studentar og vil også kunne tilby Lønborg vgs same opplegg, men tilpassa til fagplanar i helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Hovudfokus for senteret si satsing har vore helsesektoren, men er no i utvikling mot også samfunnsgeografi, barneomsorg, sosialt arbeid, fredsarbeid, utviklingsstudiar og ernæringsfag. Innan helsefag er det utvikling mot folkehelse, jordmor, medisin og psykiatri.

Frå Lønborg vgs vil det under heile praksisopphaldet på åtte veker vere minimum to lærarar saman med elevane, og desse vil ha det faglege ansvaret. I faget Prosjekt til fordjuping i Norge blir elevane følgd opp av den einskilde verksemda. Slik vil det naturleg nok ikkje vere i Tanga. Det er derfor viktig at det er faglærarar til stades under heile praksisopphaldet for å følgje opp elevane sin læringsprosess. Elevane vil bli utplassert i institusjonar og heimar. Det vil bli lagt til rette for oppgåver både på sjukehus og i eldreheimar samt praksis i barnehage, på familieheimar og Day Care for handikappa barn. Elevane vil få undervisning av lærarar frå Lønborg vgs i dei læringsmåla som er sett opp på undervisningsplanen heime, men tilpassa føresetnadene i Tanga. Det faglege utbyttet eit opphald på Tanga kan gje, er naturleg nok annleis enn å vere i Norge. Det vil krevje meir av kvar elev. Dei må vise at dei er sjølvstendige og løysingsorienterte på ein heilt annan måte enn heime. Erfaringane frå Zanzibar viser at elevane og lærlingane gjorde ein framifrå innsats ved dei institusjonane dei var utplasserte, og dei var særst reflekterte og modne i læringsprosessen. Elevane vil få same timetal i program- og fellesfag som ordinære elevar, og timane i kultur og språk vil kome i tillegg. Lærlingane vil få rettleiing og oppfølging i læreplanmål som er avtalte med læreverksemd.

Risiko

Elevane og lærlingane skal bu saman med lærarar frå Lønborg vgs på området til TICC under heile opphaldet. Dersom den politiske situasjonen skulle tyde på fare for liv og helse, vil ein til ei kvar tid følgje råd frå Utanriksdepartementet. Skulen har allereie samarbeid med reisemedisinsk personell og vil arrangere informasjonsmøte i forkant av praksisopphaldet. Elevar og tilsette vil få nødvendig vaksine før avreise. TICC har tilsett helsepersonell.

Økonomi og vidare oppfølging

Prosjektet i Tanga vil bli finansiert av fondsmidlar som Lønborg vgs disponerer. Skulen vil bruke fondsmidlar til å dekkje alle utgifter i heile prosjektperioden og pliktar seg til å følgje prinsippet om gratis opplæring. Elevane og lærlingane vil få stønadsrett i Lånekassen. Etter politisk handsaming i fylkeskommunen må Opplæringsavdelinga søkje til SIU om å få endre tilbodet om praksisopphald på Zanzibar til å gjelde praksisopphald i Tanga for elevane og lærlingane innanfor helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget.



Arkivnr: 2014/12056-4
Saksbehandlar: Marianne Haaland

Saksframlegg

Saksgang

UTVAL	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	27.05.2014
Opplærings- og helseutvalet	03.06.2014
Fylkesutvalet	19.06.2014

Praksisbrev - forsøk med etablering i Hordaland 2015

Samandrag

I møte i opplærings- og helseutvalet 19.03.2014 vart eit forslag om praksisbrev, med formål å etablere ei ordning med praksisbrev i Hordaland, sendt over til administrasjonen. Praksisbrevet har vore prøvd ut i tre fylke, og NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) har laga ei evaluering av ordninga i 2011 – Rapport 7/2011.

Utdanningsdirektoratet har i St.meld. nr. 20 «På rett vei» lagt vekt på meir fleksibilitet for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. For nokre ungdomar kan oppdeling av læretid, med delmål om praksisbrev, vere avgjerande for motivasjon og gjennomføring. Evalueringa viser at dei fleste som har delteke i ordninga med praksisbrev, går vidare til fullt fagbrev i tråd med intensjonen frå Utdanningsdirektoratet. For målgruppa kan denne gradvise tilnærminga vere avgjerande. Også her i Hordaland har vi erfart at full opplæring i bedrift har ført til at gjennomføringa er høgare enn i ordinært tilbod.

Fylkesrådmannen tilrår difor at det vert sett i verk utprøving av ordninga med praksisbrev i 2015. Målgruppa vil vere den same som nasjonalt, dvs. rettselevar, skuletrøytte ungdomar med svake skuleresultat frå ungdomsskulen som søker seg til yrkesfagleg opplæring, som står i fare for å falle ut av opplæringa, som er arbeidsorienterte og som har låg motivasjon for ordinær skule.

Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på 2 år skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast permanent.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Fylkesrådmannen, 21.05.2014

I møte i opplærings- og helseutvalet 19.3 er følgjande protokollert:

«Dan Femoen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«*OPHE ber om en sak med formål å etablere en ordning med praksisbrev i Hordaland (praktisk orientert opplæringsløp over 2 år)*».

Forslaget vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

1. Bakgrunn – erfaringar og gjennomføring av forsøk

På grunnlag av fråfall i vidaregåande opplæring vart ei ordning med praksisbrev prøvd ut i Akershus, Rogaland og Vestfold i 2008-2011. Tiltaket blei evaluert av NIFU, og evalueringa omfatta 51 elevar som gjennomførde praksisbrevordninga. (NIFU – delrapportar 32/2009, 7/2011 og sluttrapport 27/2011)

Elevane vart tatt opp på eit 2-årig opplæringsløp, der dei blei tilsette i bedrift med eigen avtale om opplæring, samtidig som dei gjekk på skule ein dag per veke der dei fekk opplæring i fellesfaga norsk, matematikk og samfunnsfag. Etter fullføring av praksisbrevet kunne elevane velje å avslutte opplæringa eller gå vidare og søkje ordinær læreplass som andre elevar etter vg2.

Gjennom utprøvinga har tilbodet utvikla seg frå at ein ved oppstart såg på praksisbrevet som eit mål i seg sjølv, til at ein no ser på praksisbrevet som eit delmål på vegen til fullt fagbrev.

Elevane som søkte seg til ordninga, var i utgangspunktet skuletrøyte elevar som ønskte praktisk opplæring. Halvparten av elevane hadde strykkarakter eller ikkje vurdert i eitt eller fleire fag frå grunnskulen, og hadde dessutan lågt karakternivå og høgt frávær. Erfaringane med utprøvinga av praksisbrevet viser at av dei 51 elevane som deltok i prøveordninga, har 41 gjennomført heile den toårige praksisbrevordninga. Av dei 41 som fullførde, søkte 31 lærekontrakt, og 25 fekk innfridd ønsket. Dette er i overkant av ordinær formidlingsprosent. **I alt 49 prosent av elevane som starta med praksisbrev, har fått lærekontrakt, samanlikna med 29 prosent av ordinære yrkesfagelevar (nasjonale tal frå 2011).**

Av dei som gjennomførde, men ikkje søkte eller fekk læreplass, var ni i arbeid, fire i skule medan tre var ledige eller med ukjent status.

Sjølv om forsøksgruppa er liten, må ein rekne tiltaket som vellukka. Det har ført til langt lågare fråfall og høgare gjennomføring i yrkesutdanning for dei som har vore med, enn det ein ville ha forventat i ordinært opplæringsløp. Det er også viktig at kandidatane auka sine ambisjonar i opplæringsperioden ved at talet på elevar som ville arbeide mot fullt fagbrev steig, og at ein større del av elevgruppa gjennomførte det.

Evalueringa viser altså at praksisbrevet som yrkeskompetanse i seg sjølv ikkje ser ut å vere viktigast. Dei fleste kandidatane søker seg mot ordinær lærekontrakt i langt større grad enn dei som har gjennomgått to år i skule i ordinær vg1 og vg2. Då dei som har deltatt i prøveprosjektet, i utgangspunktet var elevar med låge prestasjonar, ser vi at gjennomføring av tiltaket har vore avgjerande for motivasjon for og meistring av det vidare løpet. Forsøket har gitt kandidatane større tru på seg sjølv og auka ambisjonar.

Forankring frå 2014 – praksisbrev som fast tilbod

Stortingsmelding 20 (2012-13) *På rett vei* omtalar ordninga som eit alternativ til ordinær opplæring og tilrår å gjere ordninga til del av opplæringsstrukturen for vidaregåande opplæring. Departementet legg til grunn at praksisbrevkandidatane som har fullført og bestått praksisbrevet, ikkje har redusert rett til opplæring. Kompetansemåla er basert på tilpassing av læreplanar innanfor det enkelte programområde og lærefag. Elevar som fullfører praksisbrevet, men som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring med ordinært fag- eller sveinebrev, vil gjennom praksisbrevet få eit formalisert og anerkjent kompetansebevis. «*Selv om framskrivning av arbeidskraftbehovet viser at etterspørselen etter ufaglært arbeidskraft synker vesentlig, vil det fortsatt være deler av arbeidsmarkedet som rekrutterer ufaglært arbeidskraft.... I en situasjon der rundt 20 % av et elevkull har svært lav sannsynlighet for å gjennomføre videregående opplæring med studie- eller yrkeskompetanse, mener departementet at det likevel er bedre at disse elevene oppnår et formalisert og anerkjent kompetansebevis enn å oppnå grunnkompetanse med uklar status i arbeidsmarkedet og samfunnet. Mye tyder på at ungdom som har gjennomført deler av videregående opplæring, har en bedre tilknytning til arbeidsmarkedet enn elever med bare grunnskole.*» (St.m. 22, s. 100)

I dag er det 16 læreplanar for praksisbrev, mellom anna i byggfag, teknikk og industriell produksjon, restaurant- og matfag. Måla i programfagdelen er henta frå vg1, vg2 og vg3.

Då det samtidig er større sjansar for at kandidatane gjennom deltaking i tiltaket i to år får auka meistringsevne, tru på seg sjølv og auka ambisjonar om å ta fullt fagbrev, vil innføring av praksisbrevet vere eit verkemiddel i Hordaland for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Tilbodet vil kunne vere eit supplement til andre fleksible tilbod i fylket, som vekslingsmodellen, produksjonsskule, full opplæring i bedrift og grunnkompetanse.

Målgruppe

Målgruppa for praksisbrevet er rettselevar med svake skuleresultat frå ungdomsskulen som søker seg til yrkesfaglege utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Dette gjeld ungdom som står i fare for å falle ut av opplæringa, ungdom som er arbeidsorienterte og som har låg motivasjon for ordinær skule. Intensjonen med ordninga er at praksisbrevet skal vere eit delmål på vegen mot fullt fagbrev.

2. utfordringar – fordelar og ulemper ved ulik organisering

Rogaland fylkeskommune har erfaringar frå tiltaket som vart gjennomført med ca. 60 elevar per år i ein tre-års periode. Hovudtyngda av opplæringa skjedd i bedrift i eit toårig opplæringsløp, opplæring i fellesfaga etter ordinær læreplan i norsk, matematikk og samfunnsfag, t.d. 1 gang per veke med vekt på yrkesretting. Dei resterande fellesfaga kan kandidatane ta 3. og 4. året dersom dei tar fullt fagbrev.

Målsettinga har vore at kandidatane vel å halde fram med opplæringa fram til fag-/sveinebrev. Erfaringane viser at dei aller fleste kandidatane får læreplass og fullt fagbrev.

Kandidatane inngår opplæringskontrakt med opplæringsbedrift etter same modell som for lærlingar, dvs. for elevar med full opplæring i bedrift. Fylkeskommunen yter tilskot etter same regelverk som for lærlingar. Ekstraressurs ligg i bedriftstilskot på kr. 2.000 per måned over ein periode på to år. Skulen får ein klasseressurs for praksisbrevklassen. Gjennom at kandidatane er ute i bedrift 3-4 dagar per veke, blir lærarressursen frigjort til å følgje opp elevane i bedrift, yrkesrette opplæringa, undervise i små grupper etc. Problemet oppstår om det ikkje er nok praksiskandidatar til å utløyse ein heil klasseressurs. Då blir ressursane på skulen for små til å drive den naudsynte oppfølginga, og skulane må ta kostandene sjølve og disponere eigne lærarressursar slik at dei får følgd opp elevane. Resultatet kan bli overbelastning av lærarar, og det har vore eit hovudankepunkt mot ordninga i Rogaland.

Eit alternativ som Rogaland og Vestfold no går inn for, er å organisere opplæringa i skule ein dag per veke, knytt til skulen som har ansvar for lærlingopplæringa. I Hordaland har vi dette tilbodet m.a. på Laksevåg vidaregåande skule. I tråd med erfaringane frå forsøksfylka, kan det vere føremålstenleg å engasjere ein person i halv til heil stilling med ansvar for å følgje opp ungdomane dei to første åra. Dette kan vere avgjerande for gjennomføring i tiltaket, til dømes kombinert med stilling som arbeidslivskoordinator.

Per i dag er det berre Vestfold og Rogaland som praktiserer ordninga. Hedmark vil etablere tilbodet frå hausten 2014. I 2013-14 har Rogaland fylke berre 20 praksisbrevkandidatar. Vestfold har ikkje tatt inn nye i 2014, men vil starte opp att i 2015. Ufordringane er å få ut informasjon om ordninga, m.a. til rådgivarar i ungdomsskulen som har ein viktig jobb med å førebu elevar og føresette på tilbodet. Søkinga har vore redusert, så tilstrekkeleg informasjon er viktig. Mange ungdomar trekkjer seg frå tilbodet når dei opplever krava i arbeidslivet. Ordninga kan vere kostbar for den enkelte skule. Dersom skulen ikkje får finansiert tilbodet med ein klasseressurs (ca. 1.mill.) grunna for få søkjarar, vil skulen måtte bere kostnader til opplæring i fellesfag, i gruppe eller ved at elevane er deltakarar i ordinære klassar, og for arbeid med oppfølging frå lærar i den tida eleven er ute i bedrift.

Bedrifter som tar inn praksisbrevkandidatar, får basistilskot tilsvarende som for lærekandidatar, kr. 119.952. Dersom dei går vidare til fullt fagbrev, får bedrifta ordinært lærlingtilskot dei to siste åra.

Rekruttering av læreplassar

Erfaringane frå Rogaland tyder på at det er viktig ikkje å gjere ordninga søkbar, men at skulen må vurdere tilbodet ved inntak og i samarbeid med avgivarskular. Ein viktig føresetnad for å lukkast er at eleven er motivert og førebudd på kva tiltaket inneber. Elevane startar opp i ordinær vg1, blir kartlagt ved skulestart av kontaktlærar i samarbeid med rådgivar, som tilrår ordninga. Skulen, i samråd med eleven, føresette, NHO og opplæringskontor finn fram til eigna bedrift. Det er likevel viktig å merke seg at innføring av eit tilbod med utvida læretid, her 4 år i staden for 2 i ordinær læretid, medfører auka etterspurnad etter læreplassar.

Tiltaket må byggje på godt samarbeid mellom skular, fagopplæringskontor og opplæringskontor i fylket.

Etterspurnad etter fleire læreplassar, her i fire år framfor to år i ordinært 2+2-løp, kan føre til auka press på bedrifter. Dette tilbodet vil konkurrere med annan etterspurnad, som ordinære læreplassar, full opplæring i bedrift, vekslingsmodellen, prosjekt til fordjuping etc. Ein fordel med opplæring i praksisbrev vil vere at bedrifta får basistilskot dei to åra der eleven er i praksisbrevordninga i tillegg til fullt lærlingtilskot når dei går over til fullt fagbrev. Skulen får eit oppfølgingsansvar som gjer det enklare for bedrifta, som også får høve til å prøve ut ungdomane før eventuell inngåing av lærekontrakt. NIFU si evaluering legg vekt på at dei fleste ungdomane fekk læreplass i same bedrift der dei var utplassert i praksisbrevordninga. Skulen gjennom arbeidslivskoordinator får saman med ungdomane ansvar for å rekruttere til plass i bedrift.

Samarbeid med NHO er viktig i denne fasen, for å motivere bedrifter til å ta inn ungdomar til praksisbrev. Prosjektleiari i aksjon lærebedrift er aktuell som samarbeidspart.

Status – elev eller lærling

Kva status eleven skal ha, må klargjerast. Eit alternativ kan vere status som elev den første månaden og deretter lærling. Dette er avgjerande for ansvarstilhøve og status mot lånekassen. Jfr. full opplæring i bedrift, der ungdomane får lærlingstatus frå oppstart. Elevar i grunnkompetanse er elevar dei to første åra, og får deretter lærlingstatus dei to neste. Elevar i vekslingsmodellen har elevstatus første halvår av opplæringa, deretter lærlingstatus dei neste tre og eit halvt åra. Det må avklarast om kandidatane skal ha løn i læretida, i alle dei fire åra.

Vurdering – kompetansebevis

Ungdomane i ordninga skal ha vurdering som lærlingar i full opplæring i bedrift. Skulen gir karakter i fellesfag med eksamen (lokal eller sentralgitt med trekk). Bedrifta gir vurdering og har pålegg om halvårleg undervegsvurdering med utviklingssamtale, med utgangspunkt i kompetansemåla i vald læreplan. Etter to år går kandidatane opp til kompetanseprøve og får kompetansebevis. Om dei går vidare til fullt fagbrev, gjennomgår dei ordinær fagprøve etter fire år.

Heving av opplæringsavtale

Det må avklarast kva retningslinjer som gjeld ved eventuell heving av opplæringsavtale. Skal skulen følge opp ved signal om problem med gjennomføring? Skal ungdomane få høve til ny arbeidsplassering, eller skal arbeidstilhøvet avsluttast ved heving.

Informasjon om tilbudet

Erfaringane frå prøvefylka viser at god informasjon på førehand er avgjerande for søking. Rådgivarane i ungdomsskulen er den viktigaste målgruppa for informasjon og motivering av elevar og føresette. Andre informasjonskjelder er internett og søkjarkatalog. Informasjon kan formidlast på årlege samlingar for rådgivarar i regi av inntaket i desember/januar.

Oversikt over ulike tilbud i Hordaland – veg til fagbrev/kompetansebevis

Type ordning	Målgruppe	Tid	Kompetansemål	Omfang m/u-rett Vaksne i parentes
Lærling – ordinær modell	Elevar som søker ordinær opplæring i yrkesfag med læretid	2 år i skule + 2 år i bedrift	Fagprøve m/fullt fag-/sveinebrev	2158 (681)
Lærling - verdiskaping	Elevar som søker verdiskaping i bedrift etter fullført 3 år på skule	3 år i skule, 1.5 år i bedrift	Fagprøve m/fag-/sveinebrev	78 (10)
Lærekandidat 3 variantar – kan gå over til fullt fagbrev	Lærekandidat teiknar opplæringskontrakt med sikte på mindre omfattande prøve	2 år i skule + 2 år i bedrift 4 år i bedrift 1+3 skule/bedrift	Kompetanseprøve m/kompetansebevis med utgangspunkt i kandidatens individuelle plan	41 (12) 31 (13) full oppl. i bedrift 36 (8) etter vg1 i skule
	Skuletrøyte elevar – målet er auka gjennomføring og styrka fagleg fordjuping gjennom tettare kontakt mellom skule og bedrift	6 månader i skule + 3.5 år i bedrift m/veksling skule bedrift	Fagprøve m/fullt fag-/sveinebrev	32
Vg3 i skule	Elevar som ikkje får lære plass	3 år i skule	Fagprøve m/fullt fag-/sveinebrev	Ca. 50
Full opplæring i bedrift	Elevar går inn i full opplæring i bedrift frå ungdomsskulen.	4 år i bedrift eller 1 + 3 år i skule/bedrift Lærlingane får opplæring i fellesfag i skule 1 dag per veke	Fagprøve m/fag-sveinebrev	189 (344)
Full opplæring i bedrift etter vg1	Elevar går ut i full opplæring i bedrift frå vg1	1 + 3 år i skule/bedrift. Lærlingar får oppl. i fellesfag 1 dag/veke	Fagprøve m/fag-sveinebrev	241 (122)
TAF-ordning 4-årig, yrkes- og studiekompetanse Tilbod på tre skular – 5 programområde	Ungdomar som ønskjer både yrkes- og studiekompetanse	2 + 2 år Elev dei to fyrste åra, 3 dagar i skule + 2 dagar i bedrift. Lærling dei siste to åra, veksling skule/bedrift	Fagprøve m/fag-/sveinebrev + studiekompetanse	140 (1)
Praksisbrev Læreplanar i 16 fag	Rettselevar med svake resultat frå ungdomsskulen – elevar som står i fare for å falle ut av	2 år som praksisbrevkandidat med mål om 2 år med vidare opplæring	Etter 2 år kompetanseprøve med kompetansebevis.	

	opplæringa	til fullt fagbrev	Fagprøve m/fag- /sveinebrev etter 4 år	
--	------------	-------------------	--	--

3. Konklusjon

Utdanningsdirektoratet har i St.meld. nr. 20 «På rett vei» lagt vekt på meir fleksibilitet for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. For nokre ungdomar kan oppdeling av læretid, med delmål om praksisbrev, vere avgjerande for motivasjon og gjennomføring. Evalueringa viser at dei fleste som har delteke i ordninga med praksisbrev, går vidare til fullt fagbrev i tråd med intensjonen frå Utdanningsdirektoratet. For målgruppa kan denne gradvise tilnærminga vere avgjerande. Også her i Hordaland har vi erfart at full opplæring i bedrift har ført til at gjennomføringa er høgare enn i ordinært tilbod.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert sett i verk utprøving av ordninga med praksisbrev i 2015. Målgruppa vil vere den same som nasjonalt, dvs. rettselevar, skuletrøytte ungdomar med svake skuleresultat frå ungdomsskulen som søker seg til yrkesfagleg opplæring, som står i fare for å falle ut av opplæringa, som er arbeidsorienterte og som har låg motivasjon for ordinær skule.

Tilbodet kan opprettast på to yrkesfaglege skular i Hordaland, ein i Bergensregionen og ein i distriktet. Organiseringa er avhengig av finansiering av klassar på dei to skulane, dvs. tildeling av klasseressurs. Skulen blir ansvarleg for

- å motivere og plukke ut elevane etter kartlegging ved oppstart
- hjelp til formidling av læreplass (gjennom intensjonsavtalar med lokale bedrifter)
- opplæring i tre fellesfag ein til to dagar per veke og oppfølging i bedrift dei to første åra.

Tilbodet bør omfatte 16 ulike fag/læreplanar. Det kan vere fornuftig å dele dei 16 faga på to skular, 8 fag på kvar skule. I opplæringa i fellesfag får ungdomane ei oppleving av å høyre til i ein klasse, sjølv om dei kan vere ute i ulike fag i bedriftsperioden. Skular som har arbeidslivskoordinator, kan få styrkt denne funksjonen. Det er viktig at tilbodet blir ivaretatt av personar med innsikt i og kunnskap om arbeidslivet.

Kostnader

Ved praksisbrevordninga utløyser ein elev lærlingtilskot etter sats for basistilskot 1 dei to første åra. I tillegg skal eleven ha undervisning ved ein skule ein dag i veka og oppfølging av arbeidslivskoordinator. Total kostnad for dei to første åra vert om lag 307 000,- eller om lag 100 000 meir enn for ein elev som går i eit ordinært 2+2-løp. Dei to siste åra vil kostnaden vere tilnærma den same som for ordinære lærlingar.

Framdrift

Oppstart er planlagt til august 2015. Skuleåret 2014-15 må nyttast til grundig og omfattande informasjon om ordninga og til å velje ut aktuelle skular for utprøving

Evaluering

Utprøvinga skal evaluerast undervegs gjennom delrapportar og i ein sluttrapport når prøveperioden er gjennomført.



Arkivnr: 2014/16545-1
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	43/14	03.06.2014
Fylkesutvalet		19.06.2014

Ikt-strategi for opplæringssektoren 2014-15

Samandrag

Mål og strategiar for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er forankra i styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2013-2015 (Styringsdokumentet).

IKT-strategien for vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune er forankra i målsettingar og tiltak i styringsdokumentet. Hovudmålet for IKT-satsinga er: «Å bidra til auka læringsutbyte og fullføring ved at alle lærarar, elevar og lærlingar nyttar IKT-verktøy aktivt i lærings- og vurderingsarbeidet.»

IKT-strategien skal vere eit overordna dokument som gjev tydeleg retning for IKT-satsinga i opplæringssektoren. For å nå hovudmålet for IKT-satsinga er det utvikla tre hovudstrategiar:

- Strategi 1 - Satsing på kompetanseheving for leiarar, lærarar, elevar og lærlingar.
- Strategi 2 - Satsing på teknisk tilrettelegging og ressursar for læring.
- Strategi 3 - Satsing på skuleleiing og skuleutvikling.

Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet vedtek IKT-strategi for opplæringssektoren 2014-15

Johnny Stiansen
fung.fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Vedlegg: IKT-strategi for opplæringssektoren 2014-15

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.05.2014

Kunnskapsløftet (2006) definerer IKT som den femte dugleiken og stiller krav til bruk av IKT i alle fag i vidaregåande opplæring. Alle aspekt av dette er ein som elev, lærar, skuleleiar og skuleeigar i 2014 ikkje i stand til å handtere. Erfaring syner at endring av undervisning og læring i skulen skjer langsamt, trass i raske teknologiske skifte.

Skulane sine tilstandsrapportar og direkte tilbakemelding gjennom faglege nettverk, støttesystem og erfaringsamlingar peikar særskilt på at elevane opplever IKT som nyttig og motiverande for læring. Men på same tid som IKT er nyttig for læring, opplever svært mange elevar og lærarar IKT (PC-en) som eit forstyrrende element. Skulane rapporterer at å gjere seg nytte av IKT som ein pedagogisk reiskap ikkje er godt nok innarbeidd, og også at delingskultur og samarbeid rundt arbeidsmåtar og undervisningsopplegg mellom lærarar er ei utfordring.

Forvaltningsrevisjonen "Bruk av digitale verktøy og læremiddel i vidaregåande skule" gjennomført av Deloitte (2012), peikar særskilt på hovudutfordringar knytt til

- grunnleggjande digitale ferdigheiter hos tilsette
- sentrale og lokale føringar som legg dei overordna rammene for felles IKT-strategi i HFK
- tilstrekkeleg kompetanse i høve til å utvikle den pedagogiske bruken av IKT i undervisninga
- samarbeid mellom personar med eit særskilt ansvar for IKT-satsinga på skulane
- samarbeid og kommunikasjon mellom skulane.

Mål og strategiar for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er forankra i styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2013-2015 (Styringsdokumentet).

IKT-strategien for vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune er forankra i målsettingar og tiltak i styringsdokumentet. Hovudmålet for IKT-satsinga er:

«Å bidra til auka læringsutbyte og fullføring ved at alle lærarar, elevar og lærlingar nyttar IKT-verktøy aktivt i lærings- og vurderingsarbeidet.»

IKT-strategien skal vere eit overordna dokument som gjev tydeleg retning for IKT-satsinga i opplæringssektoren. Få å nå hovudmålet for IKT-satsinga er det utvikla tre hovudstrategiar.

Strategi 1 - Satsing på kompetanseheving for leiarar, lærarar, elevar og lærlingar.

Strategi 2 - Satsing på teknisk tilrettelegging og ressursar for læring.

Strategi 3 - Satsing på skuleleiing og skuleutvikling.

IKT-strategi

for opplæringssektoren 2014-15



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Innleiing

Kunnskapsløftet (2006) definerer IKT som den femte dugleiken og stiller krav til bruk av IKT i alle fag i vidaregåande opplæring. Alle aspekt av dette er ein som elev, lærar, skuleleiar og skuleeigar i 2014 ikkje i stand til å handtere. Erfaring syner at endring av undervisning og læring i skulen skjer langsamt, trass i raske teknologiske skifte.

Skulane sine tilstandsrapportar og direkte tilbakemelding gjennom faglege nettverk, støttesystem og erfaringssamlingar peikar særskilt på at elevane opplever IKT som nyttig og motiverande for læring. Men på same tid som IKT er nyttig for læring, opplever svært mange elevar og lærarar digitalt utstyr som forstyrrende element. Skulane rapporterer at å gjere seg nytte av IKT som ein pedagogisk reiskap ikkje er godt nok innarbeidd, og at delingskultur og samarbeid rundt arbeidsmåtar og undervisningsopplegg mellom lærarar er ei utfordring.

Overordna, i høve til elevane sitt samla undervisningstilbod, er det ujamt kor godt IKT er integrert i dei einskilde faga. Ein ser store skilnader både mellom fag, klassar i same fag, og ikkje minst mellom skulane. Tendensane og utfordringane ein ser i skulane i Hordaland, skil seg ikkje frå landet elles eller internasjonalt.

Forvaltningsrevisjonen "Bruk av digitale verktøy og læremiddel i vidaregåande skule i HFK" gjennomført av Deloitte (2012) peikar særskilt på behov knytt til styrking av:

- lokale føringar som legg dei overordna rammene for felles IKT-strategi i opplæringssektoren i Hordaland fylkeskommune (HFK)
- grunnleggjande digital kompetanse hos tilsette
- kompetanse hjå skuleleiarar i høve til å utvikle den pedagogiske bruken av IKT i undervisninga
- samarbeid mellom ulike einingar med eit særskilt ansvar for IKT-satsinga på fylkesnivå
- samarbeid og kommunikasjon mellom skulane

Den overordna IT- strategien for HFK 2009-2013 (forlenga til å gjelde også 2014) skal gje retning og mål for korleis arbeidet med informasjonsteknologi (IT) i HFK skal handterast. IT-strategien har som formål å sikre ei planmessig oppfølging og styring av infrastruktur. Dette er naudsynt for å sikre at HFK står fram med ei samordna og profesjonell IT-utvikling.

IKT-strategi for Opplæringssektoren legg til grunn den overordna IT-strategien for infrastruktur i HFK, og omhandlar pedagogiske utfordringar knytt til tre ulike strategiområder.

Innhold

Innleiing	1
Forankring og mål for IKT-satsinga	3
Overordna perspektiv	3
Strategiar for å nå målsettinga	3
Strategi 1: Satsing på kompetanseheving for leiarar, lærarar, elevar og lærlingar ...	3
Strategi 2: Satsing på teknisk tilrettelegging (infrastruktur og teknisk tilrettelegging)	4
Strategi 3: Satsing på skuleleiing og skuleutvikling.	5

Forankring og mål for IKT-satsinga

Mål og strategiar for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er forankra i styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2013-2015 (styringsdokumentet).

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland i perioden 2013-15 er auka læringsutbytte og fullføring. All pedagogisk verksemd ved dei vidaregåande skulane i Hordaland skal byggje opp under dette hovudmålet.

IKT-strategien for vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune er forankra i målsettingar og tiltak i styringsdokumentet. Hovudmålet for IKT-satsinga er:

«Å bidra til auka læringsutbytte og fullføring ved at alle lærarar, elevar og lærlingar nyttar IKT-verktøy aktivt i lærings- og vurderingsarbeidet.»

IKT-strategien skal vere eit overordna dokument som gjer tydeleg retning for IKT-satsinga i opplæringssektoren. Opplæringsavdelinga utarbeider årleg handlingsplan med tiltak innanfor dei tre strategiområda.

Skulane må vise korleis dei legg til rette for systematisk utvikling av kompetanse innan praktisk og pedagogisk bruk av IKT, og korleis bruk av IKT fremjar læring for elevane.

Tiltak skulen set i verk, skal leggje vekt på følgjande prinsipp som er forankra i mellom anna læreplanar for fag:

- Elevane skal kunne bruke digitale verktøy i alle fag.
- Elevane skal kunne bruke digitale læringsressursar for å oppnå auka motivasjon og læringsutbytte.
- Elevane skal kunne bruke digitale verktøy i samband med vurdering og administrative rutinar.
- Elevane skal kunne vise nettvett og halde seg til lover og reglar for bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet, under prøver og eksamenar og til kommunikasjon.

God bruk av IKT i læringsarbeidet er kjenneteikna av at:

- Læraren oppfyller krav til digital grunnkompetanse og digital kompetanse i fag.
- Læraren legg til rette for variert bruk av IKT i læringsarbeidet på måtar som fremjar motivasjon og læring.
- Læraren brukar IKT som reiskap i samband med vurdering, administrative oppgåver og kommunikasjon.

Overordna perspektiv

IKT-kompetansen sit i koplinga mellom korleis vi som elev, lærar og skuleleiar utfører eit arbeid i praksis og dei funksjonar og moglegheiter som ligg i tilgjengelege verktøy. Denne kunnskapen er vanskeleg å definere, men den er avgjerande for å få til god verktøybruk i skulen. Utviklingsarbeid og erfaringsdeling på og mellom skulane skal bidra til naudsynt kompetanseutvikling.

Endringskompetanse står sentralt i dette. Endring i skule og læringsarbeid kan ikkje sjåast uavhengig av samfunnsutviklinga og IKT si rolle i dette. I høve til læring i klasserommet handlar dette om å utnytte moglegheitene som ligg i bruk av IKT til å utforske innhald og arbeidsmåtar i fag, og til deltaking og medborgarskap i organisering og utvikling av den vidaregåande skulen.

Strategiar for å nå målsettinga

Få å nå hovudmålet for IKT-satsinga, «Å bidra til auka læringsutbytte og fullføring ved at alle lærarar, elevar og lærlingar nyttar IKT-verktøy aktivt i lærings- og vurderingsarbeidet», er det utvikla tre hovudstrategiar. Strategi 1 legg til rette for satsing på kompetanseheving for leiarar, lærarar, elevar og lærlingar. Strategi 2 tek for seg satsing på teknisk tilrettelegging og ressursar for læring. For å sikre at vi får til utvikling både på utøvarnivå og skulenivå, må rammene liggje til rette for dette på kvar einskild skule. Strategi 3 er difor satsing på skuleleiing og skuleutvikling.

Strategi 1: Satsing på kompetanseheving for leiarar, lærarar, elevar og lærlingar

Minstekrav til digital kompetanse skal sikra at alle grupper i vidaregåande opplæring får

nødvendig digital kompetanse. Læremiddel, programvare, tenester - og ikkje minst læringsprosjekt - vert brukt i høve til kompetanseheving for dei ulike gruppene i vidaregåande i HFK.

1.1 Digital grunnkompetanse

For å sikre at elevar, lærlingar, lærarar og skuleleiarar har kompetanse til å nytte digitale verkty i skule- og læringsarbeidet, er det innført krav til digital grunnkompetanse. Målsettinga er betre utnytting av digitale hjelpemiddel og betra digitale ferdigheiter.

Det vil verte gjennomført årlege kartleggingar av kompetansen.

1.2 Støttesystem for tilrettelegging og utprøving av læring gjennom IKT

Den pedagogiske og didaktiske IKT-kompetansen til lærarar vert styrka mellom anna gjennom arbeidet til Pedagogisk Digitalt Støttesystem (PDS) og Fagleg Utval (FAU). Målsettinga er at lærarane skal jobbe aktivt med utprøving og evaluering av nye arbeidsmåtar.

PDS består per i dag av;

- På skulane: Leiar med IKT-ansvar, eKoordinator, web-redaktør, IKT-konsulent, superbrukar It's Learning
- Regionalt: ePedagogar (6 personar i 40% stilling for Oppl. avd.)
- Sentralt: Rådgjevarar på IT-seksjonen og Opplæringsavdelinga

Aktørane i PDS støttar opp om det pedagogiske arbeidet i ulike ledd. Superbrukarar i ulike system har ansvar for opplæring og oppfølging av kollegaer på skulane, medan eKoordinatorane skal ha oversyn over det samla behovet kollegiet har i høve til læringsarbeidet på den enskilde skule. Leiar med IKT-ansvar er det siste leddet på plass i PDS, og skal vere den som legg til rette for den digitale satsinga på skulen og har kontakten til den øvrige leiinga.

Vidare følgjer ePedagogane opp

eKoordinatorane og superbrukarar i It's Learning og har nær kontakt med Opplæringsavdelinga. ePedagogane kjem til å ha særskilt fokus på å leggja til rette for deling og støtta utvikling av gode døme på læringsopplegg på skulane.

Hordaland fylkeskommune har 17 ulike FAU (fagutval), som dekkjer yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram. Dei er ein del av systemet for arbeid med kompetanseheving og utvikling i dei ulike faga. Oppgåvene inkluderer 1) kompetanseheving – kurs og fagsamlingar, 2) læreplanarbeid – vurdering – eksamen, 3) faglege nettverk, 4) samarbeid med arbeidslivet.

1.3 Læringsprosjekt - utvikling og forskning på eigen praksis

Opplæringsavdelinga støtter iverksetting av læringsprosjekt i fag ved hjelp av IKT-verkty. Målsettinga er å stimulere til å tenkje innovasjon i undervisninga, å utvikle kompetanse lokalt på skulane og å få til spreining av kompetanse innan faga. Innsatsen blir først og fremst retta mot skulane.

Efaringane frå prosjekta vert også delt på regionsamlingar og på større samlingar og delingsarenaer som t.d. Dei gode døma.

1.4 Utgreiing av HFK-nettskule

Eit tilbod om HFK-nettskule vil gje elevar moglegheit til å ta fag over nett. Eit slikt tilbod vil stø opp om målet om eit breitt fagtilbod og tilpassa opplæring for alle elevar i fylket.

Strategi 2: Satsing på teknisk tilrettelegging (infrastruktur og teknisk tilrettelegging)

Den tekniske infrastrukturen skal vere føremålstenleg slik at den legg til rette for til læringsarbeid ved hjelp av IKT-verkty. Det er avgjerande at våre datasystem fungerer tilfredsstillande og er godt integrerte, slik at desse fremjar læring og utvikling. Systemeigarar og brukarar skal saman vurdere kva som fungerer etter føremålet og prøve ut nye løysingar i prosjekt eller drift.

2.1 Føremålstenleg teknisk infrastruktur

For å sikre at vi til ei kvar tid har ein føremålstenleg felles teknisk infrastruktur, er det viktig med god samhandling og kommunikasjon mellom Opplæringsavdelinga, IT-seksjonen og skulane.

2.2 Rolleavklaring

Endring i nett og pc-ordning gjev nye utfordringar for skulane. Kartlegging av desse utfordringane, og inngåande diskusjon mellom aktuelle partar, skal resultera i ei betre rolleforståing.

IKT-konsulentane har ei sentral rolle i høve til felles teknisk drift og utstyr på skulane. Desse oppgåvene er forankra hos IT-seksjonen.

I tillegg kan det vere naturleg at IKT-konsulentane kjem inn i læringsprosjekt der det er naudsynt, med teknisk oppfølging i høve til utstyr og opplæring i bruk av tenester av meir teknisk eller IT-messig art.

2.3 Betre integrasjon mellom fagsystem

Det er eit mål at brukarane skal oppleve betre integrasjon mellom fagsystem. Det gjeld både i høve til ulike funksjonar, til registrering, å finne fram til informasjon og data.

Eit prinsipp er i så måte at data bare skal førast ein gong – det vil seie berre i eitt system (gode integrasjonar skal sørge for at data vert overført og nytta i andre system).

Strategi 3: Satsing på skuleleiing og skuleutvikling.

For å få til utvikling både på utøvarnivå og skulenivå må rammene liggja til rette for dette på kvar einskild skule. Difor vert det viktig å følgje opp skuleleiarar som gruppe i høve til rett kompetanse.

Å ha gode verktøy for å kartleggje og følgje opp utviklingsarbeidet på kvar einskild skule,

og for Opplæringsavdelinga å følgje opp alle skular, vil vere eit vilkår for å lukkast.

3.1 Forankre den digitale satsinga i skuleleiinga

For å styrke bandet mellom PDS-apparatet og skuleleiinga er ansvaret for den digitale satsinga formelt plassert på ein person i skuleleiinga ved den einskilde skule - leiar med IKT-ansvar. Målet er betre samhandling mellom Opplæringsavdelinga og skulane, og betre tilrettelegging for læring. Med dette vil PDS utgjere ein fullgod pedagogisk tenesteveg.

3.2 Læringsprosjekt som verkemiddel for skuleutvikling

Læringsprosjekt vert nytta som verkemiddel for skuleutvikling. Tiltak innan vurdering, skuleleiing og delingskultur er avgjerande for at skulane aktivt utviklar seg som digitale læringsarenaer. Skuleleiarane må bli kjende med perspektiv på skuleleiing og utvikle eigne planar for bruk av IKT som reiskap for leiing.

3.3 Forankring av IKT-satsinga i oppfølgingsarbeidet til Opplæringsavdelinga

Betra IKT-kompetanse er eit av tiltaksområda i det strategiske utviklingsarbeidet i opplæringssektoren. Satsinga på digital skule vert også følgt opp gjennom arbeidet med verksemdbasert vurdering (VBV) og gjennom arbeidet med Kvalitetssystemet, jamfør digital grunnkompetanse. Dette betyr også at statusvurderinga av tilstanden ved skulane er ein del av den politiske forankringa gjennom årleg rapportering til Opplæring og helse og fylkesutval.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00

www.hordaland.no

Mai 2014



Arkivnr: 2014/10030-11

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	44/14	03.06.2014
Fylkesutvalet		19.06.2014

Oppfølging av skulebruksplanen

Samandrag

Skulebruksplanen (SBP) for perioden 2012-2025 vart handsama i fylkestinget i desember 2012 og mars 2013. Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert følgd opp gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2025. Gjennomføring av tiltaka vil skje i linja.

Rapportering til politisk utval

Prosjektet vil gi ein omfattande statusrapport på gjennomføring av tiltaka i juni kvart år. Når det gjeld konsekvensar for tilbodsstrukturen som følgje av gjennomføring av tiltaka i skulebruksplanen, vert dette gjort greie for i klassesaka kvar haust.

Denne løypemeldinga tar føre seg status knytt til alle skulane i Hordaland og er i så måte ei meir omfattande løypemelding enn den som vart lagt fram for OPHE 11.02 i år. Dette inneber og at det vert gjort framlegg om vedtak i denne saka.

Oppsummering

Dei to viktigaste områda som vert omhandla i denne løypemeldinga, er overkapasitet på Studiespesialiserande utdanningsprogram (ST) i Bergen og planlegginga av Nye Åsane vgs.

I Stor-Bergen er det trong for ein heilskapleg gjennomgang av tilbodsstrukturen på ST. Særleg kritisk er overkapasiteten i Bergen Vest, men ei sentral brikke i så måte er lagnaden til Fana gymnas, då denne skulen vil ha dimensjonerande konsekvensar i eigen bydel, men og i dei omkringliggjande bydelane.

For nye Åsane vgs vert det lagt til grunn at Bygg og anleggsteknikk (BA) vert ein del av tilbodet til den nye skulen. Vidare ønskjer ein å vurdere nye måtar å drive yrkesopplæring på i den nye skulen mellom anna med ei meir aktiv tilknytning til lærebedriftene og opplæringskontora for yrkesfag. Ein viktig referanse i så måte er Kuben Yrkesarena i Oslo. Åsane vgs har ansvar for Opplæring i Kriminalomsorga (Fengselsundervisninga), mellom anna avdeling Fossane, som har tilbod til dei som er ferdige med soning eller har tryggingssavtale. Det er naturleg å vurdere fysisk integrering av avdelinga på Fossane med den nye vidaregåande skulen. Dette er eit synspunkt som mellom anna har kome fram på bakgrunn av erfaringar som er gjort med slik integrering ved Steinkjer vgs. Både for den nye skulen i Åsane og for Tertnes vgs er det knytt utfordringar til å sikre tilstrekkeleg kapasitet på idrettshall. Det må også skje ei avklaring overfor Bergen kommune knytt til kapasitet på idrettsanlegg som skulane kan nytte. Dette kan òg få konsekvensar for tilbodet på idrettsfag.

Ovannemnde forhold må avklarast før vidare programmeringsarbeid kan halde fram.

Forslag til innstilling

Johnny Stiansen
konstituert fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.05.2014

Overkapasitet på (studiespesialiserende) ST i Bergen

I Bergen er det no ein relativt stor overkapasitet på elevplassar på ST. Elevsøkinga viser at elevane søker mot skulane i sentrum. Dei fleste privatskulane er store på studiespesialiserande, og desse er i all hovudsak lokalisert i sentrum. Hordaland fylkeskommune satsar på eit omfattande tilbod i sentrum og møter konkurransen frå privatskulane gjennom Amalie Skram og utviding av tilbodet på studiespesialiserande på Bergen Katedralskole. Samtidig er det overkapasitet i bydelane. Slik situasjonen er i Bergen med omsyn til søkjemønster og kvar elevane bur i forhold til kvar dei går på skule, kan ein ikkje sjå på tilbodet i bydelane isolert sett. Det er naudsynt å vurdere kapasiteten på ST i Bergen samla. Fylkesrådmannen tilrår difor at det våren 2015 vert lagt fram ei politisk sak som vurderer tilbodet av ST i Stor-Bergen samla.

Region Nord

Arna vgs og Garnes vgs

Begge skulane har lite elevgrunnlag og slit med å fylle opp fleire av fagtilboda dei tilbyr. Tilboda i Arna har konkurrerende tilbod både i sentrum, i Åsane og på Osterøy. Garnes vgs hadde sist år berre elevtal til å opprette ein klasse på ST vg1. Søkjartala inneverande år syner at det berre er grunnlag for ein klasse på Vg1 ST også i år, jf sak om prognoseinntaket i mai.

Det er gjort sonderingar mot Bergen kommune for å avgjere grunnlaget for vidare utgreiing av ein «8-13-skule» på Seimsmyrane. Vurderinga så langt er at 8-13-skule ikkje er aktuelt på kort sikt, men dette vil vere naturleg å vurdere noko lenger fram i tid. Bergen kommune planlegg ny skule på Seimsmyrane. I denne fasen er det viktig at reguleringsplanen tek høgde for at det på eit seinare tidspunkt kan gjerast utviding til ein 8-13-skule.

Vedtaket i Skulebruksplanen (SBP) seier at ST ved Garnes vgs skal vidareførast og at skulane skal slåast saman i lokala til Arna vgs. Ettersom denne skulen ikkje er planlagt for ST, vil ei samanslåing medføre trong for omfattande ombygging/ tilbygg og høge kostnader. Fylkesrådmannen vurderer det difor som lite tenleg med ei fysisk samanslåing av skulane i lokala til Arna vgs så lenge ST skal vidareførast. Sett i lys av at det på sikt kan vere aktuelt med ein 8-13-skule på Seimsmyrane, er det heller ikkje tenleg med omfattande investeringar i lokala til Arna vgs. Ansvar for vidare regulering må avklarast med Bergen kommune.

I løpet av hausten 2014 planlegg ein å starte opp arbeidet med gjennomføring av ei administrativ samanslåing av Garnes vgs og Arna vgs. Dei to skulane i Arna ligg ikkje langt frå kvarandre, og ei administrativ samanslåing er ikkje direkte avhengig av fysisk samlokalisering. Elevgrunnlag, skulestorleik, økonomiske rammer og endring av utdanningsprogrammet MK inneber uvisse for personale og elevar, og det er viktig med avklaringar så snart som råd.

Osterøy vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Austrheim vgs

Arbeid med 8-13-samarbeid med Austrheim kommune er starta opp. Avtale om sal av elevplassar til elevar frå Sogn og Fjordane er prisjustert og vidareført i 3 år fram til og med skuleåret 2016/2017.

Knarvik vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Tertnes vgs

Toppidrettstilbodet på symjing vert flytta til Amalie Skram frå hausten 2014. Planlegginga av flytting av Service og samferdsle (SS) og TO-tilbodet til Nye Åsane vgs ligg inne i programmeringsarbeidet for den nye skulen. I SBP er det lagt til grunn flytting av ST frå Åsane vgs til Tertnes. Auken i elevtal saman med tilbod

om toppidrett, vil gi utfordringar med tanke på tilstrekkeleg kapasitet på klasserom og idrettsanlegg. Det vil difor vere naudsynt å avklare med Bergen Kommune kor mykje tid skulen kan disponere i Åstveithallen framover. Vidare må ein sjå kva andre hallressursar som er tilgjengelege i nærleiken. Alternativt kan ein vurdere å byggje ny gymsal/idrettshall ved skulen.

Nye Åsane vgs

Medio februar starta programmering av ny skule i Åsane, der delar av tilbodet ved U. Pihl vgs, Lønborg vgs og Åsane vgs blir samlokalisert ved dei noverande lokala til U. Pihl vgs.

Reguleringsplanen for Åsane senterområde som skuletomten er del av er vedteke og det er inngått eiga avtale om rekkefølgekrava knytt til reguleringsplanen. Detaljregulering av skuletomten kan først starte når pris- og designkonkurransen er gjennomført.

Planlagt start på byggearbeidet er tidlegast primo 2016 med ei foreløpig stipulert byggjetid på 2 år. Det må takast atterhald om framdrifta på grunn stopp i programmeringsarbeidet og hindringar som kan oppstå i samband med detaljregulering av skuletomten.. Det er også uklart kva idrettshall-kapasitet som vil vere mogleg å leige av Bergen kommune for den nye skulen. Bergen kommune har planar om å bygge en ny arena for topphandball og andre hallidretter i Myrdals området som grensar opp mot skuletomten. Ein ny hall vil ha større kapasitet enn dagens Åsanehall, og vil kunne tilfredstille behovet til ei ny skule. HFK sin bruk av Åsane hallen er regulert i avtale som sikrar tilgang fram til eit nytt alternativ er klart. Eigeomsseksjonen arbeider mot kommunen for å avklare dette. Alternativt kan ein vurdere å byggje idrettshall integrert i den nye skulen.

I Fylkestinget sitt vedtak frå 12.03.13, sak 1/13 for nye Åsane vgs, er ikkje BA tatt med som eit framtidig tilbod ved skulen, men det er heller ikkje nemnt i vedtaket at tilbodet skal flyttast eller leggjast ned. Fylkesrådmannen legg til grunn at BA har blitt utelatt i vedtaket ved ein feil. I det vidare programmeringsarbeidet er difor BA ein del av tilbodet som vert gitt ved skulen.

Ny vurdering av integrering av fengselsundervisninga, innslusingsavdelinga Fossane.

Ei lokalisering i tilknytning til hovudskulen gir ein sterkare integrasjon med hovudskulen. Føremonene med det er auka fleksibilitet. Ein vil ha eit stort personale å spele på lag med. Ein får ein felles identitet med hovudskulen, og faren for utvikling av "subkultur" blir mindre. Ein vil i større grad vere forankra i eit fagleg miljø, og "normalitetstankegangen" blir tydelegare. Det er svært viktig at føremonene med ei slik integrering vert vurdert opp mot tryggleiksaspektet og andre potensielt negative konsekvensar ei slik integrering kan medføre. Eit viktig argument for å vurdere dette på nytt er erfaringar som er gjort ved Steinkjer vgs. Sidan hausten 2012 har denne skulen hatt innslusingsavdelinga integrert som ein del av skulen. Tidlegare har ein i liten grad hatt relevante døme av dette slaget å samanlikne med som grunnlag for å kunne ta ei avgjerd. Parallelt med programmeringsarbeidet vil ein utgreie ei eventuell integrering av Fossane i den nye skulen. I dette arbeidet er det og lagt inn ein studietur til Steinkjer vgs.

Med tanke på at ein byggjer ein ny skule med yrkesretta fagtilbod, ser fylkesrådmannen det som viktig at det vert tenkt nytt og framtidsretta i planlegginga av skulen. Åsane ligg ikkje så langt unna verken Knarvik eller Arna, og det må vere eit poeng å sjå tilbod og arealutforming ved dei tre skulane i samanheng, særleg når det gjeld Bygg og anleggsteknikk (BA) og Teknologi og industriell produksjon (TIP). Dette gir rom for nytenking rundt organiseringa av yrkesfaga på den nye skulen. Dette er særleg viktig i forhold til lærlingar og samarbeid med næringslivet og opplæringskontora for yrkesfag. Ein viktig referanse i så måte er Kuben Yrkesarena i Oslo, som blei opna hausten 2013. Der er det oppretta eit læringssenter for byggfag som opplæringskontora samarbeider om. Dette er noko Hordaland ønskjer å hente inspirasjon frå. Det er nedsett ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå Opplæringsavdelinga og opplæringskontora i Hordaland. Opplæringskontora har meldt at dei stiller seg positive til eit slikt initiativ. Gruppa vil mellom anna foreta ein studietur til Kuben Yrkesarena. Programmeringsarbeidet for skulen vert midlertidig stoppa til dei nye innspela knytt til Fossane og organisering av yrkesfaga er avklara.

Nye Åsane vgs vil tidlegast stå ferdig skuleåret 2018/2019. Etter kriteria nedfelt i SBP skal ein tidlegast mogleg slå saman administrativt dei skulane som er vedtatt samlokalisert. Det vil difor vere naturleg at ein vurderer tidspunktet for arbeidet med administrativ samanslåing av skulane.

Region Sentrum

Tilrettelagt (TO) tilbod i Bergen

Som det vart orientert om i løypemeldinga i februar, er det gjort endringar for TO-tilbodet i Margaretastredet. Dette er frå hausten 2014 lagt under Årstad vgs i staden for Amalie Skram vgs. Tilbodet vil fysisk flytte til Årstad vgs når ombyggingsarbeidet der er ferdig. Stend vgs har utvida sitt tilbod i samsvar med vedtak i SBP. I Bergen Vest og Askøy er det trong for fleire elevplassar i grupper med redusert elevtal. Dette må ein arbeide vidare med framover.

Bergen Maritime vgs

For å løyse skulen sitt arealbehov mellom anna med tanke på auka tilbod på elektrofag (EL) og TIP har eigedomsavdelinga innleia forhandlingar om leigeareal i tilstøytande bygg. Dette vil innebere ein arealauke på om lag 800 kvm. Det er førebels ikkje avklart kor stor del av aktiviteten til fagskulen som kan lokaliserast i Haugevegen. Uansett vil denne utvidinga av lokala utgjere den arealmessige ramma for skulen framover. Dersom det er trong for ytterlegare auke i tilbodet på TIP og EL, vil Årstad vgs ha kapasitet til noko utviding innanfor eksisterande areal når byggearbeidet der er ferdig.

Årstad vgs

Skulen vil frå hausten 2014 overta tilbodet i Helse og oppvekst (HO) frå Bjørgvin vgs. Tilbodet vil i to skuleår framover bli gitt i lokala til Bjørgvin vgs fram til byggarbeidet på Årstad er ferdig. I 2014 vert det investert for om lag 7 mill. kr i nytt undervisningsutstyr til dei nye verkstadane på TIP. Dette vil vonleg gi eit stort kvalitetsløft til undervisninga på dette programområdet. Når det gjeld Design og handverk (DH), er det inngått ny leigekontrakt på mellombels lokale i Solheimsgaten. Avtalen skal gjelde medan byggearbeidet held fram.

Bergen Katedralskule (BKS) – Vaksenopplæring (VO) – BHG-bygget - Kyrre skole

Programmeringsarbeidet for utviding av tilbodet på BKS er inne i ein avsluttande fase. SBP la til grunn ei utviding med tre parallellar utan større nybygg, ingen større investeringar og fjerning av eksisterande undervisningsbrakkjer. Programmeringsarbeidet har synt at det vil vere krevjande med ei utviding av slikt storleik ved skulen på dei premissane. Utgreiingsarbeidet har enno ikkje konkludert med kor stor utviding som er realistisk å få til. Dette gjer at det er naudsynt med ei vurdering av kva elevgrupper som skal prioriterast med tanke på tilbodet ved skulen. I det vidare arbeidet legg ein til grunn ei prioritering av ordinært studiespesialiserande tilbod og IB. Dette vil innebere at tilbodet til minoritetsspråklege blir flytta.

Planlegging av ombygging av BHG til Vaksenopplæring er òg i gang. Primært er det undervisningstilbodet knytt til BKS som skal inn i BHG-bygget. Det vil kome ei eiga sak om organisering av vaksenopplæringa.

I perioden medan BHG vert UU-tilpassa (universelt utforma) og renoverert (skuleåret 2014/2015), vil vaksenopplæringa ha sin aktivitet i lokala til tidlegare Tanks vgs. Desse lokala er selde, og det vil bli gjort avgrensa og midlertidige tilpassingar for det skuleåret undervisninga er lagt hit. Dette inneber mellom anna at 1. etg i bygget blir UU-tilpassa.

Kyrre skole rettar sitt tilbod til ungdommar med psykiske vanskar og med behov for tilrettelegging i form av eit mindre skulemiljø, mindre undervisningsgrupper og færre timar i veka. Mange har oppfølging gjennom OT/PPT. Skulen gir i dag undervisning til om lag 110 elevar. Det er ikkje kapasitet til å auke dette tilbodet i noverande lokale. Det bør vurderast å auke tilbodet til denne gruppa elevar, men denne type undervisningstilbod bør bli gitt i mindre einingar, og ein auke er truleg mest tenleg å gjere ved å opprette ei ny eining. Tilbodet på Kyrre er frå hausten 2014 administrativt lagt under BKS. Kyrre er i eit gammalt bygg med trong for utbetring og som er mindre eigna som skule. Inntil vidare vil Kyrre oppretthalde aktiviteten i noverande lokale. Arbeidet med å finne betre eigna lokale for denne målgruppa held fram.

Amalie Skram

Skulen vil ha oppstart som planlagt hausten 2014. TO-tilbodet er flytta til Årstad vgs.

Utover det som vert dekt av utstyr i byggeprosjekt, vil det vere ein relativt stor trong for investeringar i utstyr

for å få skulen fullt operativ frå skulestart. Skulen har som ambisjon å vere på eit svært høgt nivå når det gjeld pedagogisk bruk av IKT i undervisninga. Den budsjettmessige planlegginga av AV-utstyr når skulen vart planlagt, har ikkje vore i samsvar med den teknologiske utviklinga og ambisjonsnivået til skulen. Den teknologien ein no vil bruke i idrettshall og klasserom, var heller ikkje tilgjengeleg då skulen vart planlagt. Økonomisk er det krevjande å få dette på plass, og det kan vere trong for å sette av midlar til ytterlegare investeringar ved Amalie Skram vgs.

Prosessen knytt til oppretting av Amalie Skram blir evaluert saman med tillitsvalte i juni i år.

Status ledige bygg, Tanks – Bjørgvin

Tank vgs er seld og leigd tilbake i inntil 4 år. Medan ein driv ombyggingsarbeid på BKS og BHG, vil Tanks vere disponibel både for det ordinære undervisningstilbodet ved BKS og Vaksenopplæringa. Det vil truleg vere noko ledig kapasitet i Tanks-bygget i denne perioden, men dette vil kunne variere og er for tidleg å seie noko presist om no. BKS vil administrere bygget i leigeperioden.

Bjørgvin-bygget vil fram til byggjeprojektet på Årstad vgs er ferdig, framleis ha undervisning av HO-tilbodet som låg til Bjørgvin vgs. Dette dreiar seg om ca 100 elevar og 15 tilsette. Det vil vere relativt mykje ledig kapasitet i bygget som inntil vidare er planlagt disponibelt for mellombelse løysingar som følgje av gjennomføring av tiltak i SBP framover. Med tanke på inventar, utsyr og IT-infrastruktur er bygget 100 % operativt som undervisningsbygg. Heiltidsundervisning på opp til 300 elevar kan på kort tid leggast til Bjørgvin-bygget.

Samanslåing Bergen Tekniske Fagskule (BTF) og Bergen maritime Fagskule (BMF)

Programmeringsarbeidet for fagskulen (BMF+BTF) i nye lokale i Haugeveien har starta opp. Fylkesrådmannen legg til grunn at det ikkje vert nybygg knytt til lokala i Haugeveien. Det er førebels ikkje avklart kor stor del av det maritime fagskuletilbodet det er rom for å samlokalisere i Haugeveien. Dersom nybygg ikkje er aktuelt, må det påreknast at mykje av det maritime fagskuletilbodet blir verande i noverande lokale.

Region Sør

Fana gymnas

Den uvisse framtida for skulen er krevjande på fleire måtar. For skulen har dette truleg påverka at søkjartalet til komande skuleår er betydeleg redusert. Situasjonen kan også gjere det krevjande med tanke på rekruttering av tilsette til skulen. Skulebygget er gammalt og har stor trong for utbetringar med tanke på universell utforming. Denne type utbetringar må naturleg nok vente så lenge framtidig aktivitet er uvis. Tilbodet ved Fana Gymnas har innverknad på skulane i bydelen og nærliggjande bydelar. Med tanke på overkapasiteten på ST i Bergen er framtidig dimensjonering av ST-tilbodet i Bergen vanskeleg å gjere i eit heilskaplig perspektiv så lenge lagnaden til skulen er uavklart.

Fylkesrådmannen tilrår at avgjerda om framtida til skulen vert framskunda med eitt år til 2015, slik at strukturelle endringar kan ha verknad frå skuleåret 2016/2017.

Langhaugen

Gymnastikksalen ved skulen og den eine dansesalen har stor trong for utbetring. Vidare utbygging av skulen må vurderast i samband med strukturen på ST og Studieførebuande fag i Stor-Bergen.

Nordahl Grieg vgs

Flytting av Service og samferdsel (SS) til Stend vgs vil truleg skje i perioden 2017-2025. Korleis Utdanningsdirektoratet vil leggje opp læreplanen i utdanningsprogrammet Media og kommunikasjon (MK), er enno ikkje avklart. Direktoratet har varsla at det er planlagt å sende strukturen og fag- og timefordelinga i nye MK på høyring 1. juli 2014 med høyringsfrist 1. oktober.

Elles er det ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2014.

Sandsli vgs

Skulen har kapasitet til to nye parallellar på ST i noverande lokale.
Det er ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2014.

Slåtthaug vgs

Skulen har utvida sitt tilbod på BA og har i vår fått ny bygghall. I sonderingane som har vore med Bergen kommune, har skulen blitt vurdert som svært interessant for eit 8-13-samarbeid. Dette vil bli følgt opp i det vidare samarbeidet med Bergen kommune.

Stend vgs

Planlagt auke på TO- tilbodet er gjennomført inneverande skuleår, men elles ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2014.

Os Gymnas

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Os vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Fusa vgs

Helsefagskule-tilbodet vert oppretthalde.

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Region Vest

Generelt om ST-problematikken og Fyllingsdalen, Laksevåg og Olsvikåsen

Hovudproblemstillinga i region Vest er at for mange skular tilbyr ST, slik at kvar av skulane har problem med å få nok parallellar i høve til ønskt skulestorleik. Det har vore gjennomført ein prosess denne våren i høve til tilbodsstrukturen i Bergen Vest, særleg i høve til tilbodet på ST på Fyllingsdalen vgs, Olsvikåsen vgs og Laksevåg vgs, som samla sett har ei innsøking som ikkje er berekraftig. Skulane uttrykkjer tydeleg at det er trong for ei avklaring av situasjonen.

Konklusjonen er at fylkesrådmannen ønskjer eit betre bilete av totalsituasjonen i Stor-Bergen før han kan tilrå strukturelle endringar. Dette inneber bl.a. ein trong for å avklare situasjonen rundt Fana Gymnas. Det er tenleg både for Fana Gymnas og dei andre skulane at denne avgjerda blir framskunda. Vidare må dette vurderast i høve til kapasitetsauke på Bergen Katedralskole, at Amalie Skram vgs kjem i normal drift, planlagd samanslåing Arna vgs og Garnes vgs og ferdigstillinga av dei nye skulane på Voss.

Fylkesrådmannen tilrår difor at ein ventar til våren 2015 med å fatte ei avgjerd om tilbodet i Bergen Vest. Dette vil innebere at eventuelle strukturelle endringar vil bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

Fyllingsdalen vgs

Skulen slit med elevgrunnlaget særleg på ST. Skulebygget i seg sjølv er godt eigna til eit større tilbod på ST. Det kan vurderast å auke tilbodet for minoritetsspråklege, og ein kan vurdere å byggje opp skulen som ein «kreativ skule» gjennom utdanningsprogrammet Musikk, dans og drama.

Laksevåg vgs

Rehabilitering av gymnasbygget er naudsynt, men dette er sett på vent til det er gjort ei avklaring kring ST-tilbodet i Stor-Bergen.

Olsvikåsen vgs

Skulen sitt tilbod må vurderast saman med ST- tilbodet i Stor-Bergen. Det kan vere aktuelt å omdisponere eit større areal på skulen til TO.

Askøy vgs

Askøy kommune har varsla at dei ønskjer å vurdere flytting av skulen til Kleppestø der dei no har starta eit reguleringsarbeid for et sentrumsområde. Med stigande elevgrunnlag er det tenkt ei utviding av dagens skule. I økonomiplanen er det avsett midlar til planlegging frå 2017.

Sotra vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Region SunnhordalandAustevoll vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Bømlo og Rubbestadneset vgs

På bakgrunn av Bømlo kommune sitt initiativ til å kjøpe Bømlo vgs vert det fremja ei politisk sak for å avklare dei økonomiske rammene knytt til eventuelt sal av skulen. Dersom den framforhandla intensjonsavtalen vert vedteken, vil det innebere samanslåing av Bømlo vgs og Rubbestadneset vgs og bygging av tilbygg til skulen på Rubbestadneset. Dette inneber òg ei framskunding av tilhøyrande investeringstrong i økonomiplanen.

Bømlo kommune har no bede om et møte der dei ønskjer å drøfte ei intensjonsavtale. Ei eventuell sak om godkjenning av intensjonsavtalen kan tidlegast handsamast i FT i oktober 2014. Vert intensjonsavtalen vedteke i FT i oktober vert det lagt fram eit forprosjekt for politisk godkjenning med byggestart for tilbygget i 2016 og ferdigstilling i 2018.

Fitjar vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Stord vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Etne vgs

Når det gjeld Etne vgs, har det pågått eit felles prosjekt mellom Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune, der ein har sett på ulike modellar for samarbeid om vidaregåande opplæring på tvers av fylkesgrensa. Rapporten frå dette arbeidet vart lagt fram for Fylkesutvalet 20. mai i år.

Kvinnherad vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Region Voss HardangerKvam – Øystese Gymnas / Norheimsund vgs

Ny skule skal i framtida liggje i Norheimsund. Fylkeskommunen er i dialog med Kvam herad for å drøfte lokalisering av tomt til ein ny vidaregåande skule. Oppstart av arbeidet med ei administrativ samanslåing av dei to skulane må sjåast i samheng med planlegginga av nytt skulebygg. Det må ikkje gå lang tid mellom samanslåing til felles administrasjon og samlokalisering av undervisninga.

Odda vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Ny skular på Voss

For begge skulane er programmeringsarbeidet avslutta, og grunnlaget for start av byggearbeidet er lagt.

Rektorane for dei to nye skulane er tilsett. Dei nyttilsette rektorane vil i perioden fram til skulane står ferdige, vere sentrale i samanslåinga av dei 5 eksisterande skulane på Voss.

Forprosjekt for nye Voss vgs vert handsama i FT i juni 2014. Her tek ein sikte på byggestart i august 2014 og overlevering hausten 2016.

For nye Voss gymnas er konkurransegrunnlaget for pris- og designkonkurransen sendt ut og 6 totalentreprenørar skal komme med forslag og pris i slutten av september 2014. Planen er å ha politisk handsaming i juni 2015 med byggetart i august 2015 og arbeida ferdig til hausten 2017.

Hjeltnes vgs

I samsvar med vedtak i Fylkestinget 12.03.2013 er det sett i gong ein moglegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig utvikling på Hjeltnes vgs. Arbeidet med studien er organisert som eit prosjekt med ei prosjektgruppe, ei styringsgruppe og ei referansegruppe. Styringsgruppa er oppnemnt av fylkesrådmannen. Dei faste representantane i prosjektgruppa er oppnemnt av styringsgruppa.

Prosjektgruppa er samansett slik:

- Prosjektleder frå næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune, Heidi Bjønnes Larsen
- Representant frå Ulvik herad, ordførar Hans Petter Thorbjørnsen
- Representant frå Hardangerrådet, Leiv Vambheim
- Representant frå Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, regionleder Annbjørg Laupsa
- Representant frå Hjeltnes vidaregåande skule, rektor Gunnbjørg Øyre
- Lokal tillitsvald frå Hjeltnes vidaregåande skule, Kåre Olai Solheim frå Delta.

Sidan oppstart i november 2013 har det vore fem møte i prosjektgruppa, styringsgruppa har hatt to møte og referansegruppa har vore samla ein gong. Arbeidet til no har i hovudsak bestått i å identifisere dei områda ein vurderer som mest tenleg å greie ut nærare.

Tabellen syner område det vert arbeidd vidare med

Tema

Agrogastronomistudiet fagskule
Psykisk helse
Reisemål Hjeltnes
Frukt og bær på Hjeltnes
Hagedesign fagskule
Skogbrukutdanning
Transportløysingar
Vaksenopplæring på Hjeltnes
Vidaregåande skule

Prosjektgruppa er beden om å gje ei tilråding om konkret berekraftig aktivitet innanfor både opplæring og næring innan 10. mars 2015. Rapporten frå prosjektgruppa vil vere fylkesrådmannen sitt grunnlag for saksframlegg til fylkestinget våren 2015.



Arkivnr: 2014/16238-1

Saksbehandlar: Tore Muren

Saksframlegg

Saksgang

UTVAL	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	03.06.2014
Fylkesutvalet	19.06.2014

Etablering av karrieresenter i Hordaland

Samandrag

Etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Nasjonal eining for karriererettleiing VOX fått i oppdrag å arbeide for å styrke karriererettleiinga i fylka. Med styrking av karriererettleiinga siktar Kunnskapsdepartementet i hovudsak til to tilhøve. For det fyrste ynskjer ein å gjere karriererettleiing tilgjengeleg for menneske i alle livsfasar, også for vaksne som ikkje er elevar, studentar eller NAV-brukarar. For det andre ynskjer ein å heve kvaliteten i karriererettleiingstenesta generelt i tenesteapparatet. Dette ynskjer ein gjort gjennom styrking av samarbeidet mellom ulike offentlege tenester og mellom ulike forvaltningsnivå.

Som grunnlag for dette arbeidet har Kunnskapsdepartementet fastsett nærare Retningsliner for tilskot til fylkesvise partnerskap for karriererettleiing (5. mars 2014). Vilkåra for tilskotet er m.a. at ein i fylka har eit tilbod om individuell karriererettleiing for alle vaksne over 19 år, og at samarbeidet mellom aktuelle partar blir formalisert i ein partnerskapsavtale, minimum mellom fylkeskommunen og NAV.

På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at det blir oppretta eit pilotprosjekt for individuell karriererettleiing i Sunnhordland. Fylkesrådmannen foreslår at tilbodet vert lagt til vaksenopplæringa ved Stord vidaregåande skule, og at tenesta vert oppretta med to nye stillingar.

Opplæringsavdelinga er i dialog med NAV Hordaland og m.a. Samarbeidsrådet for Sunnhordland med sikte på ein partnerskapsavtale som grunnlag for etableringa, jf. retningsliner for tilskot til fylkesvise partnerskap for karriererettleiing av 3. mars 2014.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling om å opprette eit tilbod om individuell karriererettleiing på Stord

- Tilbodet vert etablert som eit eitt-årig pilotprosjekt frå 1. januar 2015
- Tilbodet skal gjelde for heile Sunnhordland.
- Senteret vert lagt til vaksenopplæringa, Stord vidaregåande skule.
- Tenesta vert oppretta med to stillingar.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.05.2014

Fylkesrådmannen går inn for å opprette eit pilotprosjekt med tilbod om individuelt retta karriererettleiing på Stord. Tenesta vert føreslått organisert i tilknytning til dagens vaksenopplæringsteneste. Tenesta er tenkt etablert innanfor ramma for nasjonal satsing på «Partnarskap for karriererettleiing». På sikt, etter evaluering av pilotprosjektet, må tilsvarande regionvise tilbod vurderast etablert slik at tilbodet blir fylkesdekkjande.

Fylkesrådmannen føreslår å kalle eit karrieresenter i Sunnhordland for Karriere Hordaland, avd. Sunnhordland.

Bakgrunn

Ved opprettinga av Senter for karriererettleiing (SYR) i 2008 (Fylkestingsak 56/07 av 16. okt. 2007), tok Hordaland fylkeskommune eit ansvar for å styrke karriererettleiinga i fylket. Arbeidet tok til som eit samarbeid mellom fylkeskommunen og NAV Hordaland. SYR har hatt som målsetting

- a) Å arbeide for ei heilskapleg og effektiv yrkes- og karriererettleiing i Hordaland
- b) Å gjere innhald og moglegheitene i yrkesfaga kjent for elevar og arbeidssøkjjarar, gjere ungdomen kjent med yrkeslivet sine kompetansebehov og gjere ungdom og vaksne betre i stand til å gjere kvalifiserte utdannings- og yrkesval.
- c) Å auke tilgangen på kvalifisert arbeidskraft for arbeidslivet.

Arbeidet har i all hovudsak vore systemretta. Dette har samanheng med ei vurdering av behova ein har sett for å styrke karriererettleiingstenesta i ungdomsskulen og for å styrke arbeidet mot fråfall i vidaregåande skule.

SYR har hatt eit samarbeid med NAV om m.a. gjensidig utveksling av informasjon om respektive tenester (om vidaregåande skule og om arbeidsmarknad) og ved deltaking i kurs og etterutdanningstilbod for NAV-tilsette og for rådgjevarar i skulen. NAV trekte sitt økonomiske bidrag frå og med 2013, men det faglege utvekslingssamarbeidet har for ein stor del halde fram.

SYR vart organisert under Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune og har fem tilsette. Verksemda er finansiert i ordinært driftsbudsjett.

Opplæringsavdelinga har årleg (frå 2006) motteke ca. 1.4 mill. kr. frå Eining for karriererettleiing, VOX, til styrking av arbeidet med partnarskap for karriererettleiing. Desse midlane er for det meste nytta til tiltak som nemnt ovanfor, dvs. for det meste kompetanseheevande tiltak for rådgjevarar og lærarar i grunn- og vidaregåande skule i heile fylket. Mellom anna er midlane også nytta til finansiering av Norges einaste vidareutdanning i faget Utdanningsval.

Nye reglar for tildeling av statleg tilskot i fylka.

Frå og med 2014 gjeld nye retningslinjer for tildeling av partnarskapsmidlar. Retningslinjene gir reglar for tildeling av to typar tilskot: Grunntilskot og stimuleringstilskot.

Grunntilskot – blir tildelt fylke som har:

- Ein signert partnarskapsavtale mellom minimum fylkeskommune og NAV-fylke.
- Ein koordinerande funksjon som styrker samarbeid og samordning mellom rettleiingsaktørane i fylket
- Minimum eitt fylkesvis karrieresenter som tilbyr gratis karriererettleiing for vaksne over 19 år, medverkar til kompetanseutvikling for karriererettleiarar i grunnskulen, vidaregåande opplæring og NAV, og som kvalitetssikrar arbeidet gjennom bruk av brukarundersøkingar og årsrapportering til VOX.

Stimuleringsstøtte kan etter søknad tildelast til følgende føremål:

- Til etablering av karrieresenter i fylke som enno ikkje har oppretta dette. Fylket må ha vedtatt etablering før støtten blir utbetalt.
- Til utviklings tiltak innanfor rammene av karrieresentra sin verksemd.

Hordaland Fylkeskommune vil søkje om stimuleringsstøtte for 2014 med føremål å etablere ei individuell karriererettleiingsteneste i tråd med retningslinene frå VOX. Sjå vilkår for grunntilskot. Arbeidet med etablering av pilotprosjektet kan starte i løpet av hausten 2014.

Individuell karriererettleiing og regional kompetansebygging.

Fleire brukargrupper har lovfesta rett på rådgjeving knytt til yrkes- og utdanningsval. Dette gjeld elevar i grunn- og vidaregåande opplæring som har «rett til nødvendig rådgjeving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval...» (Opplæringslova § 9-2). Skulane har ansvar for denne tenesta. Denne retten gjeld også vaksne med rett på vidaregåande opplæring. Desse får rådgjeving ved vaksenopplæringssentra ved aktuelle vidaregåande skular, men retten er formelt sett avgrensa til «kva tilbod den vaksne har behov for» (§ 4A-8). VO-tenesta i Hordaland ga i 2013 informasjon og studierettleiing til nær 12900 einskildelevar og verksemdar (Utdanning for vaksne, Årsrapport for 2013)

Arbeids- og velferdsetaten skal «gi råd og veiledning til ...arbeidstakere for å hindre sykefravær og utstøting fra arbeidslivet» (Arbeids- og velferdsforvaltningsloven § 4). Arbeidstakarar kan slik sett ha rett på karriererettleiing, men vilkåret er at etaten har vurdert at brukaren treng slik hjelp, jf. Arbeids- og velferdsforvaltningsloven §14.a. Dette behovet blir vurdert individuelt. Elles viser NAV til eit Internettbasert tilbod om karriererettleiing (nav.no).

Ungdom som har rett til opplæring etter Opplæringslova § 3-1, og som ikkje er i opplæring eller i arbeid, får m.a. også tilbod om karriererettleiing i oppfølgingstenesta. Retten gjeld til og med det året ein fyller 21 år. Tenesta omfattar også ungdom som har tapt opplæringsretten etter § 3-8 (elevar som er vist bort frå skulen) eller § 4-6 (tap av lærekontrakt).

Vaksne over 19 år og som ikkje høyrer til nokon av dei nemnde gruppene, har i dag ikkje eit spesifikt tilbod om karriererettleiing i Hordaland. Dette kan vere personar som er i arbeid, men som ser at vidare- eller omkvalifisering er nødvendig eller ønskjeleg for å tilpasse seg endringar i arbeidsmarknaden. Det kan vere personar som ser at dei må gjere karrieremessige grep for å kome helsetilhøva «i forkjøpet». Eller det kan vere personar som ønskjer å ta grep for å byggje eigen karriere og nytte sine personlege føresetnader. Frå andre fylke er tilbakemeldinga at minoritetsspråklege er ei raskt veksande brukargruppe.

I tråd med nasjonale føringar vert dette målgrupper for etableringa av den nye tenesta. Samtidig er det eit mål med etablering av slik teneste å ha spesielt fokus på regionalt arbeidsliv. Dette skal gjerast gjennom godt samarbeid med NAV, kommunane og aktørar på arbeidslivssida i regionane, jf. partnerskapsmodellen som er ein føresetnad for etableringa. Slikt samarbeid på regionalt nivå har i andre fylke vist seg å vere svært potent, jf. t.d. Oppland. Fleire med relevant kompetanse i kommunane og regionane er grunnleggjande viktig for å nå målet om regional næringsutvikling og styrking av busettinga i regionane. Med oppretting av regionale partnerskap med dette som ei sentral oppgåve har ein også eit godt verktøy for å nå denne målsettinga.

Innhald i tenesta og aktuelle partar.

Fylkesrådmannen føreslår å etablere eit pilotprosjekt på Stord for ei framtidig karriererettleiingsteneste i Hordaland. Pilotprosjektet er tenkt å skulle dekke heile Sunnhordlandsregionen. På sikt kan ein sjå på om grensene for geografisk dekningsområde for dei ulike karrieresentera skal endrast.

Det primære målet med Karrieresenteret blir å tilby individuell karriererettleiing for alle vaksne over 19 år. I denne samanheng ser ein det som viktig å markere at tilbodet skal vere nøytralt frå føringar i andre offentlege tenester, slik som NAV, vaksenopplæringa eller andre. Karrieren og interessene til brukaren er utgangspunkt og målet for tenesta.

I tillegg til individuell karriererettleiing kan det både ut frå kapasitetsomsyn og ut frå ulike samarbeidsmåtar med andre partar i regionen vere aktuelt med andre møteformer, t.d. deltaking i informasjonsmøte eller gruppevisse metodar.

Kvalitativt skal rettleiinga elles følgje rådande faglege prinsipp innanfor rettleiingsfeltet og dei rammene som blir trekte opp av Nasjonal eining for karriererettleiing, VOX. Det vil seie at tenesta skal ha fokus på tre sider av karrierevalsituasjonen: Personlege tilhøve, informasjon om arbeidsmarknad og utdanningstilbod og det å gjere personlege, eigne val. For Karriere Hordaland avd. Sunnhordland vil det m.a. medføre eit særleg ansvar for å kunne gi god informasjon om arbeidsmarknad og utdanningstilbod i regionen. Denne kunnskapen må for ein stor del byggjast opp ved hjelp av partnerskapen og nettverket mellom ulike tenester regionalt. NAV vil måtte bli hovudkjelda til kunnskap om arbeidsmarknaden; skular i regionen om utdanningstilbod; kommunar, opplæringskontor og næringsorganisasjonar om andre tilhøve på arbeidsmarknaden.

Generelt blir det elles ei særleg oppgåve for den nye karriererettleiinga å kunne gi hjelp til å gjere «eigne val.» OECD peikar på at denne delen av rettleiingsarbeidet kan bli betre i Norge (Country Background Report for Norway, 2008). Dette er ein kompetanse som må byggjast opp suksessivt og i nær kontakt med det utviklingsarbeidet som skjer i regi av VOX. På fylkesnivå vil dette ansvaret ligge på opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune.

Tenesta i karriererettleiinga i fylket skal også vere ein ressurs for andre aktørar med ansvar og aktivitetar innanfor, eller som grensar opp mot, karriererettleiing. Kompetanseoverføring til NAV kan gjerast t.d. gjennom kurs og andre felles arrangement, seminar og i form av trekantsamtalar mellom karrieresenter, NAV-brukar og NAV-rettleiar, jf. praksis frå andre fylke på dette feltet, t.d. Telemark, Oppland og Nordland.

Opplæringsavdelinga er i dialog med aktuelle partar om utforming av partnerskapsavtale. Arbeidet baserer seg m.a. på innleiande møte med NAV på fylkesnivå 3. mars i år.

Organisering og lokalisering.

I denne saka vert det regionale tilbodet føreslått etablert i tilknytning til vaksenopplæringstenesta ved Stord vidaregåande skule. Det betyr at karrieresenteret blir eit ansvar for skulen på lik line med VO og skuledrifta elles. Fagleg sett vil opplæringsavdelinga ha ansvar for ivaretaking av innhaldet i tenesta og det karrierefaglege utviklingsarbeidet i heile fylket.

Ei viktig grunngjeving for denne organiseringa er at brukargruppene for dei to tenestene for ein stor del vil vere dei same. Dvs. at personar som i utgangspunktet vil nytte vaksenopplæringsretten - etter å ha fått informasjon om og kanskje nytta seg av karriererettleiingstilbodet - vil sjå på bruken av vaksenopplæringa ut frå ein vidare karrieresynsvinkel. For personar som primært etterspør karriererettleiing, kan informasjon om og eventuelt rett på vaksenopplæring vere eit viktig moment.

Ei utfordring med lokalisering ved skulen kan vere å halde karriererettleiinga nøytral og fri frå bindingar til vaksenopplæringa. Dette har ein i andre fylke klart å ta høgde for i det daglege arbeidet, bl.a. ved at ein i møtet med brukarane er tydelege på kva møtet gjeld: vaksenopplæring eller karriererettleiing. Når dette er klart kan ein likevel få hjelp på senteret til å sjå vaksenopplæringsretten som eit moment i den samla vurderinga av vidare karriereplan.

Nokre brukarar kan også sjå plasseringa ved ein skule som ein terskel for bruk av tenesta. Dette kan kompenseras ved plassering av inngang osv. på skulen. Det ligg til rette for å finne gode løysingar for dette ved Stord vidaregåande skule.

Ein har undervegs vurdert enda meir sentral plassering i Leirvik, men frå andre fylke veit vi at samtalaner for det aller meste bør vere avtalte og planlagde. Det vil sjeldan vere mogleg å kome til samtale og karriererettleiing ved «tilfeldige» besøk. Ofte gjer brukarane også eit forarbeid før ein planlagt samtale.

Elles vil ein med lokalisering av tilbodet i Leirvik velje eit knutepunkt for kommunikasjon i Sunnhordland. For brukarar med lengst reiseavstand kan det òg vere aktuelt å ha ambulerande tenester når det gjeld individuell karriererettleiing, t.d. i Etne og i Kvinnherad.

Vidaregåande skular er og vil vere ein ressurs for kompetansebygging i regionane. Ved samlokalisering av karrieresenter og vaksenopplæringscenteret ved skulen vil denne rolla bli ytterlegare understreka og vere eit viktig bidrag i Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med å få fleire arbeidstakarar med rett kompetanse. Fylkesrådmannen ser dette som eit vesentleg moment i organiserings- og lokaliseringsspørsmålet, og som ein fordel for alle partar.

Når det gjeld lokaliseringa, er det elles eit spørsmål ein truleg kan kome tilbake til når ein har fått den fyrste erfaringa med arbeidet i senteret og med samarbeidspotensialet i det nettverket som må etablerast i regionen. M.a. må ein då også sjå nærare på den økonomiske sida av ekstern lokalisering.

Personale

Når det gjeld personale, innstiller fylkesrådmannen på at tenesta må ha to stillingar. Desse kjem i tillegg til noverande stilling i vaksenopplæringscenteret ved Stord vidaregåande skule. Til grunn for denne utrekninga ligg forventa etterspurnad etter tenesta. I dei seks kommunane Fitjar, Stord, Bømlø, Sveio, Etne og Kvinnherad og i denne omgang også Austevoll, er der vel 60.000 innbyggjarar. Vi kan nytte Telemark som referanse. Telemark har 175000 innbyggjarar, om lag tre gonger så mange innbyggjarar som Sunnhordland. I Telemark gjennomførde dei i 2013 1136 samtalar med totalt 678 brukarar. (Kjelde: Årsrapport Karriere Telemark). Om vi reknar at etterspurnaden pr. 1000 innbyggjarar er om lag lik i dei to populasjonane (Telemark og Sunnhordland), vil det seie om lag 380 samtalar på 230 brukarar pr. år i Sunnhordland. Om vi reknar to tilsette i Sunnhordland, vil det igjen seie 190 samtalar på 115 brukarar pr. tilsett.

I Nord-Trøndelag er folketalet 134.000. Her tok dei i 2013 imot 870 brukarar og gjennomførde om lag 1600 samtalar. Om etterspurnaden pr. 1000 innbyggjarar i Sunnhordland er om lag som i Nord-Trøndelag, skulle etterspurnaden i Sunnhordland bli om lag 430 brukarar/800 samtalar pr. år. Med to karriererettleiarar i Sunnhordland blir det 215 brukarar og 400 samtalar pr. rettleiar pr. år. Dette må reknast som eit rimeleg høgt tal, sjølv om det er noko mindre enn talet brukarar/samtalar pr. rettleiar i Nord-Trøndelag og Telemark. Begge nyttar mellom 2,5 og 3 stillingar på sine individuelle samtalar. Sett opp mot at senteret også skal ha andre oppgåver som det fyrste driftsåret må reknast å ta halve tida, er 215 brukarar pr. tilsett ei høgst rimeleg målsetting.

Det fyrste driftsåret må ein, også her basert på erfaringar frå andre fylke, som nemnt rekne med at ein del av ressursen går til å byggje nettverk, søke kunnskap om regionen og etablering av felles tiltak og effektiv og fagleg forsvarleg metodikk. Noko av det samla systemretta arbeidet i Karriere Hordaland vil også på sikt best kunne ivaretakast regionalt. Når samarbeidet i regionen er innarbeidd, vil målet vere å bruke tida mest mogleg til individuelt arbeid. Dette fell også godt saman med erfaringane i andre fylke på at etterspurnaden etter individuell rettleiing vil auke frå år til år. I Hordaland reknar ein det som rasjonelt at SYR tek seg av mange av dei systemretta oppgåvene ein i andre fylke utfører i regionane. Dette vil òg gi meir rom for direkte individretta arbeid i regionane. I andre fylke er erfaringa at minoritetsspråklege er ei sterkt veksande brukargruppe, og at dette blir ein viktig, men òg ressurskrevjande, del av tenesta.

I Sunnhordland kan det som nemnt også vere aktuelt å ha ambulerande tenester når det gjeld individuell karriererettleiing. I samarbeid med kommunane vil det såleis vere aktuelt å ha tenestedagar t.d. i Etne og i Kvinnherad. To stillingar er også eit minimum i forhold til å etablere fagleg tyngde og miljø på feltet.

Budsjett for pilotprosjekt Karriere Hordaland, avd. Sunnhordland, 2015.

Budsjett:

To stillingar inklusive sos. utgifter à kr. 750.000,-	:	1.500.000,-
Etablerings-, reise-, kurs- og driftsutgifter fyrste året	:	150.000,-
		<u>1.650.000,-</u>

Finansiering:

Stimuleringsmidlar VOX	1.300.000,-
Fylkeskommunale midlar for samarbeid skule- arbeidsliv	50.000,-
Midlar frå Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland 1) :	300.000,-
	<u>1.650.000,-</u>

1) *Førebels søknad om midlar frå Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (NHN-midlar).*

Lokalisering i Stord vidaregåande skule føreset at lokala blir sette i stand etter standard for universell utforming. Det inneber m.a. heisarrangement. Skulen er i dialog med eigedomsseksjonen om dette.

Avtalar og andre dokument som grunnlag for etablering av Karriere Hordaland avd. Sunnhordland.

I tillegg til den politiske saka, vil drift av sentret basere seg på

- Partnerskapsavtale med NAV Stord.
- Kvalitetshandbok for karriererettleiingstenesta i Hordaland.
- Retningsliner frå VOX av 5. mars 2014

Etter møte med NAV Hordaland 3. mars 2014 er det starta eit arbeid med å utarbeide avtale for Karriere Hordaland, avd. Sunnhordland. På grunnlag av erfaringar frå pilotprosjektet vil ein innleie samtalar med aktuelle partar med sikte på ein fylkesvis partnerskapsavtale, jf. vilkår for grunntilskot.

Fylkesrådmannen arbeider med eit dokument som skal liggje til grunn for det faglege innhaldet i tenesta, ei såkalla kvalitetshandbok. Arbeidet vil bli vidareført i dialog med Karriere Hordaland avd. Sunnhordland, VOX. m.fl.

PS 46/14 Ymse